



Saksframlegg

Arkiv: 151
Arkivsaksnr.: 2019/375
Saksbehandlar: Magne Værholm/Tone Roaldsnes (del 1)
Dato: 05.11.2019

Økonomiplan 2020 - 2023 og årsbudsjett 2020

Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskapet	25.11.2019	92/2019
Kommunestyret		

Saksprotokoll i Formannskapet - 25.11.2019

Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med slik innstilling:

1.
Vestnes kommunestyre vedtek økonomiplan 2020 - 2023 slik det går fram av skjema 1A og 1B (økonomiplan) i saksframlegget, pkt 7.5.
2.
Vestnes kommunestyre vedtek driftsbudsjett 2020 slik det går fram av skjema 1A og 1B (driftsbudsjett) i saksframlegget, pkt 8.3.12.
3.
Vestnes kommunestyre vedtek investeringsbudsjett 2020 med ei brutto investeringsramme på kr 29.517.000,-.

Følgjande investeringstiltak, som er **uprioritert**, er med:

	Prosjekt	Løyving 2 020
1	Sentralkjøkken, rehabilitering	5 000 000
2	Senior Plaza, møbler og gardiner	200 000
3	Kulturskulen, planlegging av nye lokaler	150 000
4	Bustad Myrateigen, ferdigstilling	800 000
5	Eigedomsavdelinga, ny bil	200 000
6	Grunnskule og barnehage, IKT utstyr PC og nettbrett	300 000
7	Steinrøysa, opparbeiding av uteområde	150 000
8	Legesenteret, div utstyr	112 000
9	Trygghetsalarmer, utskifting	850 000
10	Kontor korttidsavdelinga	600 000
11	Kulturskulen, interaktivt nettstad	200 000
12	Hellandtunet, stoler og seng	200 000
13	Nav, ombygging - sikkerheitstiltak	500 000

14	Tomrefjord kunstgrasbane,	1 800 000
15	Helland skule, inventar og utstyr	400 000
16	Misfjordskogen industriområde, restløyving	1 200 000
17	Buktavegen, sluttløyving	3 000 000
18	"Fjerde armen" med rasteplass og parkeringsplass	1 500 000
19	Gatelys på industriområde og, kommunal veg	400 000
20	TS-tiltak: Busstopp m/venteskur X Brastadstranda-Skorgevikveg	228 000
21	TS-tiltak: MC - og HC-parkering, omlegging fortau hurtigbåtkaia	295 000
22	Bil - til bruk for tenesteoppdrag (Teknisk inne)	300 000
23	Asfaltering og opprusting av kommunale vegar	2 000 000
24	Revisjon/ny «Hovudplan for vassforsyning»	150 000
25	Avløp	3 500 000
26	Telefoni, kommune TV	1 500 000
27	IKT - ROR	1 382 000
28	Eigenkapitalinnskudd KLP	2 600 000
	Sum ordinære investeringar	29 517 000

Investeringane vert finansiert slik:

	Sum
Låneopptak	19 940 000
Momsrefusjon	5 900 000
sal av eigedom	2 600 000
Spelemidler	500 000
TS- tilskott	262 000
NAV, tilskott til ombygging	315 000
	29 517 000

4.

Vestnes kommunestyre godkjenner låneopptak på kr 19.940.000,-. Ordførar får fullmakt til å godkjenne låneopptak og rentevilkår.

5.

Vestnes kommunestyre skriv ut eigedomsskatt etter §§ 2 og 3 i eigedomsskattelova.

6.

I medhald av eigedomsskattelova § 3 bokstav a, skriv Vestnes kommunestyre ut eigedomsskatt for 2020 på alle faste eigedommar i heile kommunen.

På tidlegare skattlagte verk og bruk skriv Vestnes kommune ut skatt på næringsdelen (bygning og grunn). Ein skriv ut skatt på det særskilde skattegrunnlaget redusert med to sjuandedelar i 2020 (overgangsregel til §§ 3 og 4, første ledd første pkt. i Eigedomsskattelova.

7.

Skattesatsen vert sett til 4,0 promille for alle eigedommar jfr. Eigedomsskattelova § 11, 1. ledd og § 13. Skattesatsen på det særskilde skattegrunnlaget er 4,0 promille.

8.

Det vert ikkje rekna botnfrådrag for bustaddelen i bustadar og fritidsbustadar jfr. Eigedomsskattelova §§ 11, 2. ledd.

9.

Som standard vert det 4 betalingsterminar jfr. Eigedomsskattelova § 25. Vestnes kommune vil frå og med 2020 tilby fleksibel fakturering, der ein kan velje mellom 1, 4 eller 12 terminar etter visse reglar.

10.

For utskriving av eigedomsskatt på bustadeigedomar skal kommunen bruke Skatteetaten sitt formuesgrunnlag for dei bustadane der dette er berekna (§ 8 C-1 i Eigedomsskattelova). Elles skal Vestnes kommune sine gjeldande eigedomsskattevedtekter med revideringar vedtekne av Vestnes kommunestyre, nyttast.

11.

Vestnes kommunestyre fritenk etter § 7 i Eigedomsskattelova:

- a. Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylke eller staten.
- b. Eigedom som har historisk verdi

Avrøysting:

Innstillinga til administrasjonssjefen vart samrøystes vedteken.

Administrasjonssjefen si innstilling

1. Vestnes kommunestyre vedtek økonomiplan 2020 - 2023 slik det går fram av skjema 1A og 1B (økonomiplan) i saksframlegget, pkt 7.5.
2. Vestnes kommunestyre vedtek driftsbudsjett 2020 slik det går fram av skjema 1A og 1B (driftsbudsjett) i saksframlegget, pkt 8.3.12.
3. Vestnes kommunestyre vedtek investeringsbudsjett 2020 med ei brutto investeringsramme på kr 29.517.000,-.

Følgjande investeringstiltak, som er **uprioritert**, er med:

	Prosjekt	Løyving 2 020
1	Sentralkjøkken, rehabilitering	5 000 000
2	Senior Plaza, møbler og gardiner	200 000
3	Kulturskulen, planlegging av nye lokaler	150 000
4	Bustad Myrateigen, ferdigstilling	800 000
5	Eigedomsavdelinga, ny bil	200 000
6	Grunnskule og barnehage, IKT utstyr PC og nettbrett	300 000
7	Steinrøysa, opparbeiding av uteområde	150 000
8	Legesenteret, div utstyr	112 000
9	Trygghetsalarmer, utskifting	850 000
10	Kontor korttidsavdelinga	600 000
11	Kulturskulen, interaktivt netttad	200 000
12	Hellandtunet, stoler og seng	200 000
13	Nav, ombygging - sikkerheitstiltak	500 000
14	Tomrefjord kunstgrasbane,	1 800 000
15	Helland skule, inventar og utstyr	400 000
16	Misfjordskogen industriområde, restløyving	1 200 000
17	Buktavegen, sluttløyving	3 000 000
18	"Fjerde armen" med rasteplass og parkeringsplass	1 500 000
19	Gatelys på industriområde og, kommunal veg	400 000
20	TS-tiltak: Busstopp m/venteskur X Brastadstranda-Skorgevikveg	228 000
21	TS-tiltak: MC - og HC-parkering, omlegging fortau hurtigbåtkaia	295 000

22	Bil - til bruk for tenesteoppdrag (Teknisk inne)	300 000
23	Asfaltering og opprusting av kommunale vegar	2 000 000
24	Revisjon/ny «Hovudplan for vassforsyning»	150 000
25	Avløp	3 500 000
26	Telefoni, kommune TV	1 500 000
27	IKT - ROR	1 382 000
28	Eigenkapitalinnskudd KLP	2 600 000
	Sum ordinære investeringar	29 517 000

Investeringane vert finansiert slik:

	Sum	1.
Låneopptak	19 940 000	
Momsrefusjon	5 900 000	
sal av eigedom	2 600 000	
Spelemidlar	500 000	
TS- tilskott	262 000	
NAV, tilskott til ombygging	315 000	
	29 517 000	

4. Vestnes kommunestyre godkjenner låneopptak på kr 19.940.000,-. Ordførar får fullmakt til å godkjenne låneopptak og rentevilkår.
5. Vestnes kommunestyre skriv ut eigedomsskatt etter §§ 2 og 3 i eigedomsskattelova.
6. I medhald av eigedomsskattelova § 3 bokstav a, skriv Vestnes kommunestyre ut eigedomsskatt for 2020 på alle faste eigedommar i heile kommunen. På tidlegare skattlagte verk og bruk skriv Vestnes kommune ut skatt på næringsdelen (bygning og grunn). Ein skriv ut skatt på det særskilde skattegrunnlaget redusert med to sjuandedelar i 2020 (overgangsregel til §§ 3 og 4, førtse ledd første pkt. i Eigedomsskattelova.
7. Skattesatsen vert sett til 4,0 promille for alle eigedommar jfr. Eigedomsskattelova § 11, 1. ledd og § 13. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget er 4,0 promille.
8. Det vert ikkje rekna botnfrådrag for bustaddelen i bustadar og fritidsbustadar jfr. Eigedomsskattelova §§ 11, 2. ledd.
9. Som standard vert det 4 betalingsterminar jfr. Eigedomsskattelova § 25. Vestnes kommune vil frå og med 2020 tilby fleksibel fakturering, der ein kan velje mellom 1, 4 eller 12 terminar etter visse reglar.
10. For utskriving av eigedomsskatt på bustadeigedomar skal kommunen bruke Skatteetaten sitt formuesgrunnlag for dei bustadane der dette er berekna (§ 8 C-1 i Eigedomsskattelova) . Elles skal Vestnes kommune sine gjeldande eigedomsskattevedtekter med revideringar vedtekne av Vestnes kommunestyre, nyttast.
11. Vestnes kommunestyre fritek etter § 7 i Eigedomsskattelova:
 - a. Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylke eller staten.
 - b. Eigedom som har historisk verdi

1 Innleiing:

Kvart år skal følgjande styringsdokument utarbeidast på overordna nivå:


- Kommuneplanen sin handlingsdel, jf Plan- og bygningslova § 11-1 og kommunelova 14-4, 5.ledd
- Økonomiplan og årsbudsjett, jf kommunelova kap 14

I den nye kommunelova er følgjande ordlyd teken inn i

§ 14-4 – Økonomiplan og årsbudsjett:

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.

Oversikt over styringsdokumenta som følgjer kommunestyreperioden:



Kommuneplanen sin handlingsdel var godkjent av kommunestyret den 31.oktober 2019. Denne planen inneheldt også ei første skisse til økonomiplan.

Føreliggande dokument «snur» om på dokumenta og inneheld følgjande:

- Hovudpunkt på kommuneplanens handlingsdel
- Endeleg framlegg til økonomiplan 2020 – 2023
- Endeleg framlegg til budsjett 2020

Administrasjonssjefen har etter drøfting i formannskapet den 11.november 2019 teke ut hovudelementa i kapittelet om skulebygg og skulestruktur og lagt dette inn i ei eiga sak. Dette blir gjort grunna omfang og kompleksitet, og for å synleggjere saka for politikarar og innbyggjarar.

Høyringsfristen blir den same som for økonomiplanen. Administrasjonssjefen vurderer dette som tilstrekkeleg då saka stort sett er ein oppdatert versjon av høyringssak om skulestruktur våren 2019. Administrasjonssjefen vil syte for at alle relevante høyringsinstansar får saka til behandling i vekene før kommunestyremøte den 12.desember.

2 Utvikling av Vestnessamfunnet som eit heile

Kommuneplanens samfunnsdel (2015 – 2025) teiknar eit framtidsbilete for Vestnes slik:

- Den sentrale geografiske posisjonen gjer Vestnes til eit naturleg val for nyetableringar
- Attraktive bumiljø med mangfaldig kulturliv, triveleg handelssenter og flott natur
- Heilårsopne barnehagar med barnehageplass for alle innan 1 månad
- Interessante arbeidsplassar med enkel pendling til enda større arbeidsmarknader
- Eit internasjonalt samfunn, der alle trivst
- God kulturskule og aktive lag med konsertar, revyar og festivalar
- Tilrettelagt tilgang til fjord og fjell med turstiar og parkeringsplassar
- Leverer digitale tenester som gir innbyggjarar og næringsliv eit reelt digitalt førsteval
- Ein attraktiv arbeidsgivar og serviceinnstilt, løysingsorientert, imøtekomande kommune

Etter nærare halvgått løp, kan det vere greitt å vurdere om biletet stadig er aktuelt.


Midt i blinken:

Vestnes kommune ligg midt i fylket, så lenge Møre og Romsdal består som eige fylke. Uansett er kommunen plassert i kryssingspunktet der europavegane (E39 og E136) møtast, med god kommunikasjon både nord-/sørover og aust-/vestover. Den sentrale geografiske plasseringa er bakgrunnen for visjonen «Vestnes-midt i blinken» og gir Vestnes eit betre utgangspunkt enn mange andre distriktkommunar for utvikling på mange samfunnsområde. Uansett val av framtidig fjordkryssing vil ikkje dette biletet endre seg, men betre kommunikasjonsvegane vil truleg understreke Vestnes sin geografisk gunstige posisjon.

Samferdsel og pendling:


Hurtigbåt og «Timekspresen» har bestått og ferjene blir meir miljøvenlege og får 20-min. avgangsintervall frå neste anbudsperiode. I tillegg vil utvikling av traseane for E39 og E136 gjere det stadig enklare å bu i Vestnes og pendle til arbeids- og skulemarknadene rundt oss. Fv 147 Nakkedalen og Kjersemfjellet (kommunal) er utbetra inneverande periode, der særleg Nakkedalen har betydning for pendling til Sunnmøre.

Inn- og utpendling, hovudstraumar 2018, sortert etter tal innpendlarar



Næringsutvikling:

Endring i sysselsettinga i Møre og Romsdal 2017-2018



Det er pr. dato tilnærma full sysselsetting i Vestnes og skipsindustrien har historisk god ordresreserve. Dette gir ringverknader på mange område; Underleverandørar, handel etc. Kontakten mellom politisk leiing og næringsliv er god og det er ein god tone mellom politikarane og mellom administrasjon og politikk. Vestnes kommune har vore bevisste på tilrettelegging for næringslivet: Gjermundnes næringsområde er klargjort til bruk. Vik Industriområde er utvida og har jamn og god utvikling. Skorgeneset er nær fullt utnytta. I Misfjordskogen vart utviding av næringsområdet ferdig i 2019. Kommunen har også god breibanddekning. Ny reguleringsplan for kommunesenteret er vedtatt og har lagt grunnlaget for utvikling av handelsstaden på Helland. Handel er samla ei av dei viktigaste næringane i kommunen. Tettstadutviklinga skjer i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og private. Sjøfronten del 1 (hamnepromenaden) var ferdig våren 2019, del 2 (fornyng Sjøgata) ferdig seinhaustes 2019, medan startløyving er gitt til 4. arma på rundkøyringa ved Idrettsparken.

Busetting:

Vestnes kommune er godt ajour med vedtekne reguleringsplanar for nye bustadområde i heile kommunen. Nye kommunale tomter i Bakneset (Vike), Sylteråket (Tresfjord) og Fagerbakken (Vestnes) er ferdig utbygd i 2018/19. Gode private tilbod står klare på Gjermundnes, Sætre (Daugstad), Ramberget (Helland), på Bakken (Vestnes) og Lid (Tomrefjord). I skrivande stund er anbud mottatt for utvikling av nytt bustadområde i Fiksdal. Området er tenkt utbygd gjennom samarbeid (utbyggingsavtale) med private. Same prinsippet er tenkt lagt til grunn for realisering av nytt bustadfelt i «Tuen» (Tomrefjord). I tillegg er fleire leilegheitsprosjekt i sentrumsområdet i kjømda og nytt privat bustadfelt er under regulering i Vestnesbukta.

3 Utfordringar for Vestnessamfunnet i perioden 2020-2023

Samferdsel og pendling:

Framleis drift av hurtigbåten er ein del av konseptet med ferjefri kryssing av Romsdalsfjorden, jfr. side 23 i planomtalen til reguleringsplanen for E39 – Romsdalsfjorden (Vik - Julbøen). Passasjergrunnlaget kan likevel bli sett under press fram til fjordkryssinga står ferdig, dersom betalingsfritak for passasjerar på riksvegferjene blir gjennomført. Dette kan bli ei utfordring for pendling og samkvem med Molde. Vegen over Kjersemfjellet er framleis ikkje utbetra på sunnmørssida og har så langt heller ikkje fått endra status til fylkesveg, slik kommunane på begge sider av fjellet ønsker.

Næringsutvikling:

Ei viktig utfordring er *korleis* utnytte vår sentrale plassering i fylket til å skape vekst og utvikling for næringslivet generelt, samt handel, turisme og busetting. Eit samarbeidsprosjekt med lokalpolitikarar og Vestnes næringsforum kan vere ein naturleg og god start på å løyse denne oppgåva. Kanskje kan betre marknadsføring av våre tilbod oppnåast gjennom ein meir bevisst mediestrategi? Konkret trengs det meir næringsareal sentralt i kommunen (Vik – Vestnes) og tilgang til sjønært areal, men samtidig er vidareutvikling av Vik Industriområde avgrensa av planlagde nye europavegtrasear. Langsiktig kan Furneset vere aktuelt som framtidig næringsareal, i form av etterbruk av areala for masseuttak. Nye næringsareal må vurderast i samband med revidering av kommuneplanens arealdel, med planlagt oppstart 2020. Når det gjeld tettstadutviklinga gjenstår på kort sikt sjøfronten del 3 (Kataholmen), 4. arm på rundkøyringa og mindre prosjekt for samanheng i gangvegssystemet; På litt lenger sikt utvikling av sjøelve sentrumskjernen i kryssingspunktet Kjøpmannsgata/Grøntaksen.

Busetting:

Vestnes kommune blir frå 2021 utvida med Hjelvika og Vågstranda og får med dette auka folketal og ei utfordring med god integrering av desse bygdene. Folketalet har elles vore stabilt, med litt nedgang. Vestnes kommune er i same båt som resten av fylket, der utfordringa er at mange unge vaksne flyttar ut og for få flyttar inn. Dette viser att i statistikken med nedgang i talet på innbyggjarar i alderen 18 – 40 år (som vist i kap 3.) Dette medfører at barnetalet er sterkt redusert siste tiåret, og vil venteleg framleis synke. Dette er distriktsutfordringar i heile Europa.


Politisk må dette erkjennast, og politikken må tilpassast den verkelege situasjonen.

Parallelt med dette må det satsast på vekst. Å satse på dei dei unge synes derfor å vere ei hovudutfordring, der sentrale stikkord er tilgang på relevant arbeid og bustader, barnehagar med tilbod tilpassa brukarar, kulturtilbod og trivsel i lokalmiljøa, tilgang til turvegar og sosiale møteplassar. Igjen kan marknadsføring og mediestrategi vere sentralt.

4 Folketalsutvikling

Ei av dei største utfordringane for Vestnes kommune framover er demografiske endringar og folketalsutviklinga generelt.

Fødselsoverskotet i ein kommune kan vere ein god indikator på utviklinga. Fødselsoverskot er kort sagt om det er fleire fødte enn døde same år. Som vi ser av tabellen har det i åra etter 2010 vore få år med fødselsoverskot. Fødselstala er låge både regionalt og nasjonalt, og det er svært få kommunar kor fødselstala er høge nok til å oppretthalde befolkningsstorleiken utan tilflytting eller innvandring. Det er innvandring som har halde folketalet oppe i Vestnes.




Det siste tiåret har folketalet i kommunen auka med 58 personar, som er ei endring på 0,9 prosent. Av dei 35 kommunane i fylket kjem kommunen på 22. plass i befolkningsutvikling i perioden.

Fødseltal og talet på kvinner i alderen 18-40 år i Vestnes

- Talet på kvinner i alderen 18 - 40 er avgjerande for talet på fødslar
- På landsbasis er eit «nøkkeltal»
7 % fødslar av talet på kvinner i alderen 18 – 40 år.
(Dette talet er nok for høgt i dag med lågare fødselstal på landsbasis.)
- Utifrå dette er det nok realistisk å rekne snitt fødselstal på mellom 50 og 60 i Vestnes dei komande åra.

Årstal	Talet på kvinner i Vestnes i alderen 18 – 40 år
1995	963
2005	851
2013	834
2018	793
2019	775

Utvikling i talet på eldre over 67 år



Elevtalsutvikling

Årstal	<i>Byrjar i skulen</i>	<i>Avgangselevar</i>	<i>Endring</i>	<i>Elevtal haust</i>
	<i>Haustr 1.årssteg</i>	<i>Vår 10.kl</i>	<i>Totalt alle skular</i>	<i>Totalt elevtal</i>
2019				758
2020	67	85	-18	740
2021	68	82	-14	726
2022	68	82	-14	712
2023	48	77	-29	683
2024	54	86	-32	651
Sum endring			-107	

I økonomiplan og kommuneplanens handlingsdel har vi valt å ha eit overordna fokus på barnetalsutviklinga på kommunenivå.

I sak om skulestruktur og investeringar i skulebygga i perioden 2020 – 2023 vil vi i større grad gi oversikter over barnetalsutviklinga i skulekrinsane.

5 Dei kommunale tenestene

5.1 Barnehagane

Visjon: Midt i blinken for leik, læring og utvikling.

Kva har vi oppnådd i kommunestyreperioden 2015 – 2019?

Kapasitet - plassar – bygg:

- Vi tilbyr barnehageplass til alle som ønskjer det i hovudopptaket, retten til barnehageplass har stadig blitt utvida. Det har vore kort ventetid og vi har fortløpande opptak, men vi har ikkje hatt garanti for plass til dei som ikkje har lovkrav på plass.
- Frå 01.01.2015 blei Tresfjord barnehage samlokalisert med Oppvekstsenteret.
- Skorgen barnehage blei lagt ned i 2016. Barn og personale vart overført til Helland barnehage i ny 8. avdeling der.
- Utvida godkjenning av Tomrefjord barnehage frå 42 til 48 plassar.
- Fiksdal oppvekstsenter barnehage fekk mellombels utvida godkjenning frå 24 til 30 plassar.
- Ny leigeavtale med Gardstunet barnehage - fram til 2026.
- Ny godkjenning av Helland barnehage, utvida alle småbarnsavdelingane frå 9 til 12 plassar.

Heilårsopne barnehagar:

- Vi har ikkje nådd samfunnsplanen si målsetting om heilårsopne barnehagar. Prøveprosjekt med 3 veker stengt om sommaren i staden for 4 veker ved Helland barnehage sommaren 2018 og 2019.

Bemanning – rekruttering - kompetanse:

- Innfridd ny norm for pedagogisk bemanning -2018, og ny norm for grunnbemanning 2019. Ny pedagognorm utløyste behov for 5 nye barnehagelærarar.
- Få dispensasjonar frå utdanningskravet i kommunale barnehagar.
- Fleire barnehagelærarar har tatt vidareutdanning.
- 1 einingsleiar og 2 assisterande styrarar har tatt nasjonal styrarutdanning.
- Fått gjort om nesten alle assistentstillingane til fagarbeidarstillingar. God tilgang til lærlingar i barnehagane.

Kvalitet – planar – innhald:

- Revidert kommunale og lokale planar for overgang frå barnehage til skule.
- Langsiktig utviklingsprosjekt «Den gode barnehage i Vestnes» frå 2014.
- Vi har utarbeidd gode verktøy for å drive utviklingsprosjekt. Utarbeidd handlingsplan mot mobbing og digitaliseringsplan som ein del av prosjektet.
- Fokus på mat og måltid - Nye forskrifter om mat og måltid i barnehage.
- Brukarundersøking kvart år.

Utfordringar i perioden 2020 – 2023 kommunestyret bør kjenne til:

- Mange ønskjer barnehageplass frå nyttår. Det har vore utfordrande med opptak før vi har dei økonomiske rammene i kvart års budsjett. Opptak etter nyttår fører nemleg ofte til behov for meir bemanning frå nyttår enn frå august. Bemanninga i barnehagane er strengt normert utifrå barnetalet i avdelinga. Vi bør ha nok barnehagelærarar fast tilsett for å utnytte kapasiteten vi har i bygga.
- Barnehagelærarar har krav på ubunden tid som skal nyttast til foreldremøte, møte med ulike andre instansar, plantid og førebuing. Ubunden tid er vanskeleg å organisere på avdelingar med 2 barnehagelærarar. 8 timar ute av avdeling der vi no ikkje har budsjettmidlar til å sette inn anna personell. Om lag 90 timar med plantid skal gjennomførast pr. veke samstundes som barna er der og drifta går sin gang.
- Sparetiltak fører til få felles personalmøte og lite felles tid til utviklingsarbeid.
- Ny barnehagestruktur ved ev. endring av oppvekstsentra og Vågstranda. Dette blir drøfta med tillitsvalde og må avgjerast tidleg i 2020.
- Heilårsopne barnehagar er ikkje innfridd.
- Til ein kvar tid ha nok barnehageplassar når vi opplever at behovet svingar. Behov for fleksible løysingar og nok bygningsmasse.
- Med dagens bemanning er det vanskeleg å leggje meir til rette for lengre opningstider sett i samheng med pendling.
- Ordningane for moderasjon i foreldrebetalinga blir stadig utvida.
- Stadig nye framlegg til endringar frå kunnskapsdepartementet som kan få konsekvensar for sektoren.

Vi har utnytta arealet vi har og slik sett unngått å bygge/utvide fleire barnehagar. Vidare utbygging er sett på vent grunna lågare fødselstal.

Dersom det våren 2020 syner seg at søkjartalet er høgt, må vi straks starte utgreiing av alternative løysingar, ev nybygg. Det kan då vere ei løysing å sette opp modulbygg kombinert med ein utebarnehage. Dette tilbodet manglar vi no i Vestnes.

Kommunestyrevedtaket av 31.oktober 2019 inneber at alle som søker barnehage i Vestnes vil få plass så snart dette er praktisk mogeleg.

Vedtaket inneber også redusert feriestenging ved Helland barnehage.

5.2 Grunnskulen og PPT

Visjon:

Elevane skal få kunnskap og utvikle seg i eit godt og inkluderande skulemiljø

Kva har vi oppnådd i kommunestyreperioden 2015 – 2019?

- Skulane arbeider systematisk for å ivareta eit trygt og godt skule-/læringsmiljø. Trivselsundersøkingar blir brukt for å kartleggje skulemiljøet. Det har vore gode resultat på trivselsundersøkingane i grunnskulen. Vestnes kommune har delteke i regional kompetanseheving knytt til satsinga «Innsatsteam mot mobbing». Både skulane og PPT har vore med på denne skuleringa. Resultat av undersøkingar i skulesektoren er å finne i årsmeldingane for Vestnes kommune.
- Sektoren har rutinar som sikrar gode overgangar barnehage-skule og grunnskule-vidaregåande skule.
- Andel barn med spesialundervisning ligg noko høgre i Vestnes kommune enn i kommunar vi kan samanlikne oss med, men vi ser at nabokommunane opplever same tendens.
- Digitalisering:
Det har vore arbeidd målretta dei siste åra med digitalisering i grunnskulen. Alle elevar har i dag tilgang til anten ein iPad eller PC i undervisninga. I forbindelse med innføring av iPad på 1.-4. årsteg, fekk lærarane på desse årstega ei kompetanseheving. Gode digitale ressursar skal gi betre tilpassa opplæring og styrke spesialundervisninga. Den digitale satsinga har vore viktig for å stå rusta til å møte føringane i dei nye læreplanane.
- Ei større «forståing» og tverrfagleg fokus på barn og unge med psykiske vanskar. Det er som følgje av dette fokuset sett inn tiltak i siste året som er viktig for denne gruppa. Dette blir gjort i samarbeid med BUF; Eining for barn og familie.
- Vidareutdanning:
Mange lærarar har dei siste åra tatt vidareutdanning. Samarbeid i regionen om ulike utdanningstilbod har gjort dette mogleg økonomisk.

Utfordringar i perioden 2020 – 2023 kommunestyret bør kjenne til:

Rekruttere/behalde tilsette:

Det er stor konkurranse om arbeidskrafta i sektoren. Både omliggande kommunar og fylkeskommunen konkurrerer om den same kompetansen. «Lærarnorma» har hatt ein sentraliserande effekt då det er dei store byane/regionane, som har fått tilført nye stillingar. Vi må i Vestnes arbeide vidare med tiltak for å betre rekrutteringa og for å behalde lærarar som allereie er tilsett. I årsmeldinga for 2018 kjem det fram at 16% av lærarane i grunnskulen i Vestnes er over 60 år.

Skulebygg/struktur

Det er naudsynt å kome vidare med planane om å ruste opp skulebygga i kommunen. Dette er viktig for læringsmiljøet for elevane og arbeidsmiljøet til tilsette i skulane. Det har over mange år vore arbeidd med skulestrukturen i kommunen. Ein framtidsretta og berekraftig struktur må

etablerast. Det er viktig både for elevane og lærarane at det blir tatt ei avgjerd i saka.

Barn og unge med psykiske vanskar

Tiltaka som er etablerte på dette feltet må vidareførast. Det er av stor betydning for elevane at det no er etablert gode tiltak som kan vere til hjelp for dei som slit med psykiske vanskar.

Skulane må i samarbeid med hjelpeinstansane arbeide endå meir med førebyggjande tiltak.

Sikre ei god implementering av dei nye læreplanane

Skuleåret 2020/2021 skal skulane ta i bruk den nye læreplanen. Det er viktig at vi sikrar ei god implementering. Den nye læreplanen kjem med nye føringar og målsettingar. Det må arbeidast grundig med korleis vi skal følgje opp dei nye målsettingane.

Spesialundervisning

Vi må arbeide meir med å bli betre på tilpassa opplæring. Det er ønskjeleg å kunne styrke den ordinære opplæringa med meir ressursar, for å kunne gje den einskilde elev ei betre tilpassing. Elevane ville då ha betre utbyte av den ordinære opplæringa og behovet for spesialundervisning vil kunne reduserast.

For ytterlegare informasjon om utviklinga i skulesektoren viser vi til eiga sak:

«Plan for renovering av skulebygga og etablering av ny skulestruktur»

Denne saka blir lagt fram for kommunestyret same dag som økonomiplanen skal behandlast.

Begge sakene vert lagt ut til offentleg høyring.

5.3 Barn, ungdom og familie

Visjon:

«Meistring og motivasjon for alle»

I tråd med Vestnes sin visjon «midt i blinken» har eininga vald sin visjon «meistring og motivasjon for alle» som ein tenker i overført betydning handlar om å møte enkelt menneske ut i frå sine ressursar og behov.

Kva har vi oppnådd i kommunestyreperioden 2015 – 2019?

- Vestnes kommune gjekk frå 1.oktober 2018 inn i interkommunalt samarbeid om barneverntenester med Molde som vertskommune. Dette skuldast hovudsakleg at barnevernet er ei krevjande og sårbar teneste, og at det er behov for større fagmiljø grunna auka krav til spisskompetanse og auka faglege krav til tenestene.
- Vestnes er også del av interkommunal barnevernsvakt som er døgnopen for alle innbyggjarar.
- «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar». Vi har arbeidd med handlingsplanen sin handlingsdel og kompetansetiltak. Det er utarbeidd rutinar og etablert samarbeidsavtale med krisesenteret for Molde og omegn IKS. På Vestnes kommune sine nettsider finn ein tilgjengeleg informasjon om handlingsplanen og tilnærming til problemstillinga vald og seksuelle overgrep.
- Eininga har gjennomført ulike prosjekt finansiert av Fylkesmannen som t.d «3-trinns prosjektet» og «Jordmor og migrasjonshelse». Vi har gjennomført fagdagar med tema retta mot rus og psykiske helseutfordringar.
- Eininga har spesielt hatt prosjekt opp mot skular og barnehagar med t.d. «Prosjekt psykisk helseteam barn og unge», «Styrking og utvikling av helsestasjons- og skulehelsetenesta». Prosjektmidlar frå Fylkesmannen og Helsedirektoratet har styrka utviklingsarbeidet vårt og har blant anna resultert i auka trefftid i skulane, auka fokus på psykisk helseoppfølging til barn og unge, og større fokus på samhandling og rutinearbeidet mellom tenestekområda internt og eksternt.
- Kompetansehevande tiltak internt i eininga:
COS-P (foreldrestøttande rettleiing),
«new born behavioral observation»,
førstehjelp ved sjølvmondsfare,
rettleiarkurs i tankevirus,
vidareutdanning i psykisk helse, rus utd., og
leiarutdanning.
Kompetansehevinga har blant anna blitt nytta til kurs i psykisk helse for elevar i ungdomsskulen, og i tilbod til undervisning for elevar ved den vidaregåande skulen, samt i det daglege systemiske arbeidet.

Utfordringar i planperioden som kommunestyret bør kjenne til:

Det er stor utfordring knytt til at kommunane no får overført større og meir komplekse og samansette oppgåver på alle nivå innafor tenester for barn og unge. Rettstryggleik til enkeltinnbyggjarane står sterkt. Det er til dels store forventningar til kva kommunen skal stille opp med av tenester. Det blir også stilt store krav til kompetanse og organisering av kommunale helse- og omsorgstenester.

Psykisk helseteam:

Eininga får tilmeldt stadig fleire ressurskrevjande saker innan området psykisk helse, der enkeltmenneske har behov for bustad med tilrettelagt hjelp og bistand/døgnbemanning. Kompleksiteten i sakene krev omfattande opplæring frå spesialisthelsetenesta og frå kompetansesenter andre stader i landet. Vi må i utstrekkt grad nytte elektroniske verktøy i samhandlinga som t.d. ved videooverført undervisning/møteverksemd. For framtida vert det viktig at det vert lagt til rette for velferdsteknologiske løysingar. Vi må ta høgde for auka kostnader knytt til opplæring av tilsette i ei spesialisert eining som BUF.

Nye pakkeforløp innan psykisk helse og rus vil også utfordre kommunen. Per i dag er det etablert fleire fagspesifikke forløp innan barn, unge og vaksne som har vanskar knytt til psykisk helse og rus. Det vil komme fleire pakkeforløp i framtida som krev tett samhandling både internt og eksternt mellom helsetenestene. Vi opplever at spesialisthelsetenesta har redusert kapasiteten sin til rettleiing og oppfølging i enkelt saker. Pakkeforløpa startar og blir avslutta i kommunen og skal gi pasientar større forutsigbarheit og innflytelse rundt behandling. Frå 1. januar 2019 er det iverksett betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar innan psykisk helse og rus. Vi har endå ikkje erfaring med korleis dette vil slå ut, men vil nok trenge tilrettelagte bustader for å kunne tilby forsvarlege tenester.

Frå 2020 er kommunepsykolog ei lovpålagt teneste.

Vi opplever at det i større grad er utfordrande å halde fokus på det universelle og primærførebyggjande arbeidet. Mykje av budsjettmidlane til eininga går til å yte døgnbaserte tenester.

Helsestasjonen:

- Det vart fødd 55 barn i Vestnes kommune i 2018; 31 jenter og 24 gutar, 5 fleire enn i 2017. I tillegg til desse barna har vi 30 flyktningbarn i alderen 0-18 år.
- Helsestasjon som teneste opererer ikkje med venteliste, og skal ta imot alle i alderen 0 – 20 år. Alle oppgåver er lovpålagte og når prioritering må skje er det utfordrande i ei tid der vi ser at saker blir meir komplekse og samansette. Vi ser at dette går på bekostning av den generelle helseopplysninga og førebygginga som er helsestasjonen si primære oppgåve. Helsestasjonen som teneste har ikkje nokon behandlande funksjon, men skal vere ein dørøpna til andre hjelpeinstansar.
- Gjennomføringa av helsestasjonsprogrammet 0-5 år vil framleis stå øvst på denne prioriteringslista, noko som inneber tidleg intervensjon både i f.h.t. alder og forløp.
- Familierettleiar med fokus på alder mellom 0-6 år – viktig tiltak for kravet om tidleg intervensjon. Det blir stilt store krav til helsepersonell for oppfølging og ivaretaking av pårørande, og barn som pårørande.
- Tverrfagleg team for barn mellom 0-6 år, samansett av helsesøster, barnevernspedagog og PPT, der familierettleiar er koordinator. Vi arbeider for å permanent opprette eit «Psykisk helseteam for barn og unge».
- Jordmorkompetansen har vore tilgjengeleg i 100 % som eit resultat av prosjektmidlar. Helsestasjonen har fått styrka jordmorressurs med 50 % frå helsedirektoratet gjennom dekking av lønnsmidlar. Resterande 50 % er kommunal del. I periodar har jordmor vore utleig til Rauma kommune i delar av stillinga.

5.4 Helse og omsorg

Visjon:

Vestnes kommune tilbyr tenester av god kvalitet: på rett nivå, til rett tid og med rett kompetanse

Kva har vi oppnådd i kommunestyreperioden 2015 – 2019 ?

1. Auka fokus på kompetanse og rekruttering gjennom
 - Kompetanseløftet 2020. Vi mottok kompetansemidler frå Fylkesmannen som vi tildeler til tilsette etter søknad. For å få eit betre og meir rettferdig system på dette har vi utarbeidd «*Retningslinjer for tilskot ved utdanning*».
 - Revidert kompetanseplanen og vil få den samordna med overordna kompetanseplan for Vestnes kommune.
 - Vi tek imot elevar og studentar i praksis og har eit strategisk forhold til dette knytt til rekruttering av framtidige arbeidstakarar.
 - Vi tek imot lærlingar, og gjennomfører med praksis og fagprøvearena.
 - Auka bruk av E-læring i alle einingar innan helse og omsorg.

2. Byggestart for nytt helse- og velferdssenter 2019.

Arbeidstakarane har teke aktiv del i planleggingsarbeidet gjennom ulike arbeidsgrupper

3. Prosjekt organisasjonsutvikling frå medio 2019.

Fokus på måla fastsette i «Omsorgsplan 2020» som er vedteken av kommunestyret. Hovudfokus i prosjektet er organisasjonsutvikling i samband med innflytting i Helsehuset Stella Maris. Vi skal utvikle «*ein effektiv organisasjon som er prega av tenestefagleg utvikling, eit tett samarbeid på tvers av einingane i huset og ei kostnadseffektiv drift av tenester og bygg*».

4. Samhandlingsreforma med samhandlingsavtale mellom kommune og Helse Møre og Romsdal (Både somatikk og psykisk helse/rus)
Samordna saks- og forvaltningsnivå ved tenestekontoret vårt.
5. Interkommunal legevaktsamarbeid; på kveld i Ørskog og på natt i Ålesund
6. Interkommunal øyeblikkeleg hjelp døgntilbod/ ved Legevakta i Ålesund
7. Interkommunalt samarbeid gjennom nettverksarbeid og prosjekt.
 - Prosjekt: Det Nasjonale Spredningsprosjektet for Velferdsteknologi i Romsdalskommunane. I prosjektet implementerer kommunane nytt utstyr innan velferdsteknologiområdet. For Vestnes sin del har det vore utprøving av medisindispensarar og GPS.
 - Prosjekt: Helseplattforma, eit stort prosjekt i Helse Midt med mål om felles journal system for kommune, fastlege og spesialisthelseteneste.
 - Prosjekt: Læringsnettverk for gode pasientforløp
8. Ny reform
 - «Leve hele livet». Ei kvalitetsreform for eldre. Vi har delteke i samarbeidsmøte om reforma som skal vare til 2023.

Utfordringar i perioden 2020 – 2023 kommunestyret bør kjenne til:

For å møte ei folketalutvikling med fleire over 67 år og færre i yrkesaktiv alder, må vi m.a. ha fokus på:

- 1 Organisasjonsutvikling med medverknad av tilsette – mål om eit arbeidsmiljø som er forsvarleg.
- 2 Omsorgsplan 2020 / rullering av plan med utg.pkt i St.meld. 15 «Leve hele livet»
- 4 Organisering og drift av tenestene som ligg i eit nytt helse- og velferdssenter, med fokus på ein eldrepolitikk med aktivitet, integrering og førebygging.
 - a. Gode pasientforløp som kan medføre vridning av tenestetilbod frå institusjon til heimebaserte tenester.
 - b. Vidareutvikle aktivitet og dagtilbod i samarbeid med Frivilligsentral, lag og organisasjonar.
 - c. Vidareføre tilbod om avlastning i heim og institusjon.
 - d. Ei samordna formidling av hjelpemiddel
 - e. Gjennom bruk av velferdsteknologi bidra til at brukarane vert gitt høve til å meistre eige liv og helse betre, basert på eigne premisser.
 - f. Utvikle tenester som støtter opp under førebygging, tidleg innsats og rehabilitering. (Kvardagsrehabilitering / kapasitet fysisk behandling)
 - g. Folkehelsearbeid, plan og livsløpsperspektiv.
5. Tenestekontoret fungerer som koordinerande eining. Koordinerande eining skal legge til rette for brukarmedverknad, ha oversikt over tilbod innan habilitering og rehabilitering, samt overordna ansvar for individuell plan og koordinator. Eininga skal også ha ansvar på tvers av fagområde, nivå og sektorar. Viktig å få utarbeidd retningslinjer og system for arbeidet.

Prosjekt: Utarbeide plan for rehabilitering og habilitering
- 6 Interkommunal legevakt opp mot Nye-Ålesund
Vestnes ønsker å halde fram med legevakt i Ørskog på kveld/helg og Ålesund på natt. Dette under føresetnad av at ordninga ikkje vil medføre vesentleg auka kostnader. Då må kommunestyret behandle saka på nytt.
- 7 Fastlegeordninga: helse- og omsorgsdepartementet har sett i gang ei evaluering av fastlegeordninga
- 8 Helseplattforma
Det er eit nasjonalt mål at midt-Norge innfører dette systemet.
Helseplattforma skal innføre ny, felles pasientjournal (PAS/EPJ) ved sjukehus og kommunar i hele Midt-Norge. Journalen skal følge pasienten i alle møte med helsetenesta. Det er første gang det blir etablert ei felles løysing for kommune- og spesialisthelseteneste, fastlegar og avtalespesialistar. Gjennom Helseplattforma er Midt-Norge utprøvsregion for det nasjonale målbildet «*Én innbygger - én journal*».
Helseplattforma skal gi auka kvalitet i pasientbehandlinga, betre pasientsikkerheit, meir brukarvennlege system og dermed sette helsepersonell i stand til å utføre oppgåvene sine på ein betre og meir effektiv måte.

Arbeidet med å innføre Helseplattforma vart i mars 2019 organisert i eit eige aksjeselskap, Helseplattformen AS, der Helse Midt-Norge RHF og Trondheim kommune er eigarar. Etter kvart som kommunane i landsdelen tek systemet i bruk vil dei også kome inn som medeigarar i selskapet.

5.5 Bu- og habiliteringstenestene

Visjon: «DET GODE LIV»

For at kvar enkelt tenestemottakar skal oppleve det gode liv, krev det profesjonelle helsearbeidarar og ein er avhengig av god tenesteyting:

- God kunnskap og opplæring som fyller dei krav og forventningar vi har til medarbeidarar og som sikrar god tenesteyting tilpassa behovet til den enkelte
- Forankre tenesteytinga i ulike teoriar om livskvalitet
- Samarbeide og omgå kvarandre på ein respektfull måte
- Skape eit godt arbeidsmiljø, der trivsel og fellesskap er viktig
- Erkjenne og arbeide med etiske dilemma
- Fokus på likeverd. Være eit medmenneske

Kva har vi oppnådd i kommunestyreperioden 2015 – 2019?

- Fagmiljø i utvikling.
Vi har etablert fast møtestruktur mellom miljøterapeutane. Vi har auka det tverrfaglege miljøet og dreg nytte av kvarandre sin spesifikke spiss- kompetanse.
- Utarbeidd opplæringslogg, rutinar og prosedyrar som er felles for alle.
- Held regelmessige kurs for å sikre kvaliteten i tenestene våre:
 - førstehjelpskurs
 - legemiddelkurs
 - innføringskurs i lovverk og det å arbeide med personar med psykisk utviklingshemming
 - e-læringskurs
- Internkontroll / Risk Manager.
Då vi er ei stor eining har det vore særleg viktig å arbeide for å sikre felles tilgang til dokument og rutinar og såleis sikre betre kontroll.
Vi har utarbeidd rutinar for melding av avvik.
- Staben er auka; jf kommunestyrevedtak om redusert leiarspenn.
Målet med dette er å auke leiarnærvær i bustadene, vere tettare på i fagleg og administrativt arbeid. Sikre oppfølging av tenesteytarar i bustad.
- Vi har tettare samarbeid med spesialisert habilitering, og har utarbeidd samarbeidsavtalar/ behandlingsplanar i enkeltsaker.
- Har starta opp med alternativ turnusar som langvakter og medleverturnus
- Starta «Temakafè», der bueiningane har ansvar for innhald og gjennomføring kvar sin gong.

Utfordringar i perioden 2020 – 2023 kommunestyret bør kjenne til:

- Rekruttering av kompetanse. Fagområdet er utfordrende med tydelege krav i lovverket.
- Mange tvangsvedtak:
 - krev mykje tid til saksbehandling
 - krev mykje dokumentasjon
 - krev mykje opplæringFylkesmannen har endra praksis ift. dispensasjon frå utdanningskravet, noko som fører til fleire avvik då vi ikkje alltid maktar å rekruttere tilsette med høgskulekompetanse.
- Ulike kulturar innan fagfeltet
- Forholdsvis lavt utdanningsnivå
- Gjere nyutdanna tenesteytarar trygge i si faglege rolle :
 - Det blir sett høge krav til tenesteyting, både i praksis og i formalitetar
 - Nye brukargrupper, unge med ulike behov
 - Aldringsproblematikk
 - åtferdsproblematikk vs somatiske utfordringar vs auka ressursbehov
- Utfordringar med enkeltståande husvære som blir ledige i samlokaliserte bustader når ein tenestemottakar dør. Vi har mange eldre tenestemottakarar knytt til vertskommuneoppdraget vårt. Skal vi då be tenestemottakarar om å flytte for å kunne effektivisere drifta vår? Her er det både juridiske og etiske dilemma.
- Andre og nye brukargrupper. Unge som treng butrening, men som ikkje nødvendigvis er psykisk utviklingshemma.
- Høg gjennomsnittsalder på tilsette
- Sjukefråværet er høgt i nokre av bugruppene, og dette fører til auka behov for tilrettelegging av arbeidet.
- Arbeid-/sysselsettings- og aktivitetstilbod, kjøper tjenester av private.
- Dokumentasjonskrava.
IKT- utfordringar, mange som skal gjennomføre på same tid, utfordrende for tenesteytarar å gjennomføre nødvendig og tilstrekkeleg dokumentasjon

5.6 Kvalifisering og integrering

Visjon:

«Kvalifisering og integrering»

Kva har vi oppnådd i kommunestyreperioden 2015 – 2019?

Vestnes kommune har busett 69 flyktningar i perioden 2013 – 2019: 15+10+10+10+11 (vedtak om 21 i 2017) +9 (vedtak om 10 i 2018) + 5 (vedtak om 12 i 2019). I følge anmodningsbrevet frå IMDi skal kommunen busette 7 personar til i 2019. Vestnes kommune har sekundærbusett 8 flyktningar i perioden og tatt i mot 19 familiegjenforeinte med busette flyktningar.

Eining for kvalifisering og integrering har lagt til rette for at alle busette flyktningar skal kome i gang med introduksjonsprogram raskt etter busetting, og dei fleste er i gang innan ein månad.

Programmet inneheld utdanningsretta program og arbeidsretta tiltak i samarbeid med bedriftene og NAV.

Vaksenopplæringa har gjennomført

- kurs i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar samt prøveavvikling; norskprøve, samfunnskunnskapsprøve og statsborgarprøve
- grunnskuleopplæring for vaksne med eksamensavvikling for 10. klasse kvart år
- spesialundervisning på grunnskulens område for vaksne

Vestnes har hatt gode resultat i perioden. IMDI har sendt følgjande helsing til kommunen:

«Til rådmannen! Først vil vi gratulere Vestnes med særdeles god måloppnåelse ut fra introprogrammet i 2018 på hele 85%! 47% gikk til arbeid og 38% til videregående utdanning. Dette er det tredje året Vestnes leverer godt, men dette er bestenotering.»

Landsgjennomsnittet var på 55%.

Eininga har fokusert på å fremje eit godt og inkluderande arbeidsmiljø for alle tilsette.

Utfordringar i perioden 2020 – 2023 kommunestyret bør kjenne til:

- Redusert behov for busettingsplassar.
Siste åra har IMDI anmoda Vestnes om å busette færre flyktningar enn kommunestyret har opna for i busettingsvedtaket for 2017, 2018 og 2019.
- Kommunestyret har fatta plan for busetting i perioden 2020 – 2023. Dette må følgjast opp, og særleg 2020 blir eit krevjande år med mange busettingar.
- Sjå på Husbanken sine ordningar slik at flyktningar kan få kjøpt eigen bustad snarast råd etter at dei kjem i løna arbeid i staden for å leige private bustader via kommunen
- Korleis kan kommunen, næringslivet, NAV, frivillige organisasjonar, m.fl. arbeide godt saman med mål om inkludering og med det hindre utanforskap?
- Lågare statstilskot til Vaksenopplæringa då tilflytting av innvandrarakar med rett og plikt til norskopplæring generelt sett går ned

Arbeide for å behalde god og brei kompetanse i Vaksenopplæringa og i Flyktningtenesta slik at ein kan halde fram med å levere tenester med god kvalitet.

5.7 Kulturskule, frivilligsentral og bibliotek

- Vestnes Kulturskule, Allmenn kultur, Frivilligsentralen, Biblioteket

Visjon:

Midt i blinken for det gode liv i Vestnes.

Opplæring, møteplassar, kultur og frivilligheit

Kva har vi oppnådd i kommunestyreperioden 2015 – 2019?

Kulturskulen:

Rammeplan «Mangfald og Fordjuping» vart vedteken av kommunestyret som styringsdokument for kulturskulen. Den kulturelle spaserstokkproduksjonen «Helma» fekk eigen reportasje i Norge Rundt. Satsinga på dans gir resultat. Tre tidlegare elevar kom heilt til landsfestivalen i UKM i 2019. Satsinga på Fordjuping i musikkfaget har gitt resultat som vekker nasjonal merksemd. Årets Unge Muskar 2019 er elev ved Vestnes Kulturskule.

Biblioteket:

Satsing på «Makerspace» er i gang og gir rom for nye teknologiske løysingar og eit moderne tilbod. Vi har etablert tre eksterne bibliotektilbod for å lette tilgangen og nå ut til nye brukarar. Planlegginga av nytt bibliotek og arbeidet med ein maritim profil har gitt rom for nye samarbeidsformer med til dømes næringslivet, noko som i sin tur vil gi eit betre bibliotektilbod. Arbeidet med å løfte fram lokal identitet og skape interesse for lokale arbeidsplassar har vore ein viktig del av dette arbeidet. Vi kan vise til svært gode tal når det gjeld besøk og utlån pr innbyggjar. Her ligg vi godt over lands- og fylkesgjennomsnittet.

Frivilligsentralen:

I perioden har det blitt skapt fleire møteplassar og tilbod for innbyggjarar i alle aldrar. Frivilligdagen har blitt ein etablert arena for synleggjering av frivilligheita, og ein god møteplass for innbyggjarane. Habil-prosjektet gir innvandrarar moglegheit til å ta sertifikat og bli meir mobile med tanke på jobb, fritidsaktivitetar og bustad. Aktivitetsvenn for demente gir demente ein betre kvardag. Stikk UT! har blitt ein stor suksess og eit godt bidrag til folkehelsearbeidet. Utarbeiding av rapporten «Kulturliv og frivilligheit som integreringsarena» har ført til utvikling av prosjektet *Velkomstpakke for nye innbyggjarar*, prosjektet har gitt mange gode samarbeid og tilbod, og vil gi ei god ramme for vidare utvikling.

Allmenn Kultur:

Vi er nøgde med satsinga på friluftsliv i kommunen. Dette har mellom anna resultert i lyssetting av helseløypa inn mot Kråkneset, og ferdigstilling av to nye turvegprosjekt. (Skorgen/Kjelbotnbakkan og Rypdal/Øvstedal). Kulturarvplan for Vestnes kommune vart vedteken av kommunestyret i 2018. Rehabilitering av Tomrefjord idrettsbygg vart ferdigstilt i november 2018, og den første tilskotsutbetalinga frå spelemiddelordninga kom i 2019. Elles har mellom anna kunstgrasbana ved Fiksdal oppvekstsenter, ny aktivitetsflate ved Vike Montessoriskule, rehabilitering av 11'ar kunstgrasbane i Vestnes idrettspark, turveg m/lysanlegg på Kråkneset og rehabilitering av Bygdaheim i Fiksdal fått større spelemiddeltilskot i perioden.

Felles for kultureininga:

Kultureininga samarbeider med næringslivet i Vestnes om utvikling av ny nettportal. Dette som eit ledd i arbeidet med «Velkomstpakken for nye innbyggjarar»

Vi er involvert i OU-prosjektet som ser på innhaldet og organiseringa av Stella Maris.

Kultureininga har tatt initiativ til samarbeid på tvers av dei kommunale einingane når det gjeld å styrke integreringsarbeidet i kommunen.

Utfordringar i perioden 2020 – 2023 kommunestyret bør kjenne til:

Kulturskulen:

Kulturskulen treng eit sentrumsnært lokale, som oppfyller krava i arbeidsmiljølova om eit forsvarleg arbeidsmiljø. Dette er noko som vi ser på som ei hastesak.

Regjeringa signaliserer at dei vil styrke kulturskulen, og at dette vil komme tydeleg fram i den nye stortingsmeldinga for barne- og ungdomskultur som kjem i 2020. Dei praktiske og estetiske faga skal styrkast gjennom fagfornyninga i grunnskulen, og her blir det forventat at kommunen skal sjå tilsetningar i skule og kulturskule i samanheng. Alle desse forventningane gjer at vi treng ressursar til å kunne bli ein reell samarbeidspart. Det betyr i praksis at vi treng å få inn att teaterfaget og kunsthaget ved kulturskulen. Vi er ikkje ein fullverdig kulturskule før dette er på plass. For å kunne samarbeide inn mot helsesektoren, er stillinga som musikkterapeut sakna. Det er ressursmangel som gjer at vi ikkje har dette i dag.

Det er bekymringsfullt at det er familiar som ikkje har råd til å la borna gå på kulturskulen.

Biblioteket:

Personalsituasjonen er kritisk, og sjukefråvær og planleggingsverksemd byr på store utfordringar med å få personalkabalen til å gå opp. Dei ti siste åra har besøket på biblioteket auka med 100%, men personalressursen er enno ikkje på nivå med det den var før kutta i 2009. Ein kan statistisk sett rekne med 30-50% ytterlegare auke i besøk etter at nytt bibliotek er ferdig. I tillegg har biblioteksektoren fått mange nye oppgåver.

Frivilligsentralen:

Frå 2021 har regjeringa vedtatt at støtte til Frivilligsentralane vil kome i den generelle ramma til kommunen, støtte vert sett ut i frå antall innbyggjarar. Om vedtaket består vil kommunen få halvvert støtta. Årsmøte har vedtatt at frivilligsentralen skal etablere eit lokalt frivillig-forum, mellom anna for å skape eit betre samarbeid mellom frivilligheita og kommunen til det beste for innbyggjarane. Ein ser på å få etablert ein frivilligheitspolitikk for Vestnes kommune for å sikre gode samarbeidsformer på frivilligheita sine premisser.

Allmenn Kultur:

Det er framleis ressursmangel knytt til slutføring av bygdebokarbeidet «Gard og slekt», der historisk interessante, viktige og sentrale gardar/krinsar enno manglar.

Felles for kultureininga:

Det er utfordrande å få til eit godt samarbeid på tvers av sektorane i kommunen, grunna mangel på tid og ressursar.

Kulturrådgjevaren i sentraladministrasjonen er ikkje ein del av kultureininga reint organisatorisk. Etter einingsleiar i Kulturskulen si meining har dei eit godt samarbeid, men ho meiner det ville vore meir hensiktsmessig om dei var ei samla eining. Det er utfordrande for leiar å ivareta rolla både som rektor for kulturskulen og leiar for kultureininga. Tida som kjem vil krevje meir arbeid med det overordna kulturfeltet, ikkje minst med tanke på utvikling og vedlikehald av ny nettportal.

Kultureininga ønskjer å ta meir ansvar i marknadsføring og utvikling av Vestnes som ein attraktiv stad å busette seg, men personalsituasjonen gjer at dette er utfordrande.

5.8 Eigedomsdrift

Visjon:

Gode bygg – gode tenester.

Kva har vi oppnådd i kommunestyreperioden 2015 – 2019?

Næringsareal:

Kommunen har kjøpt næringsareal på Trohaugen og i Misfjordskogen. I alt 7 næringstomter er seld (Trohaugen og Misfjordskogen). Kommunen har kjøpt areal for utviding/utbygging av bustadtomter i Tresfjord, Bakneset, Skorgevik og Åsbygda. Det er seld 7 bustadtomter. Det er også seld areal til utviding av bustadfelt (Ramberget). I tillegg er det kjøp og sal av diverse areal (t.f. tilleggsareal til eksisterande nærings- og bustadtomter, areal i tilknytning til bygging av vegare/gangvegar). Kommunen har seld 4 bygningar. Tre eldre bygg er rivne.

Kommunale utleigebustader

Vi har gode rutinar for oppfølging av leigeavtalar og misleghald av husleige, samt om behov for oppussing ved utflytting. I perioden er 25 leilegheiter pussa opp.

Uteområda/leikeplassutstyr ved skular og barnehagar

Vi har oversikt over installasjonane og kontrollerer desse regelmessig.

Nytt leikeplassutstyr ved Helland og Tomrefjord skuler, slitt/defekt leikeplassutstyr er skifta ut fleire stader. Om lag 350 m² fallmatter som farga av er erstatta. Fylt på eller skifte ut sandkassesand/fallsand fleire stader, i alt 105 tonn.

Helland barnehage, øvre – innreidd 4. avdeling, ny stor bod med overbygd opphaldsareal.

Myraområdet

Vi har skifta ut vindaug på fleire av bygga, utbetra råteskader, skifta tak, montert varmepumpe fleire stader, og nokre bygg oppgradert uteområde. Tilpassing av nokre bygg til endra drift.

Vaktmeisterbase flytta til Kjøkkenbygget då anna eining trong lokala deira. Samarbeidd med Vestnes Energi AS om oppgradering av omlegging av fjernvarmeanlegget.

Etablert ladepunkt for kommunale el-bilar ved Senior Plaza.

Idrettshallar

Tomrefjord idrettsbygg er renovert. Sosialt rom er utvida med eit tilbygg. I tillegg er det etablert ein ny basishall. Bygget er godt utnytta. Vestneshallen har fått nye skiljeveggar og nytt lys. Toalett i foajeen er renovert.

Gjennomført ei rekke offentlege anskaffingar.

Mellom anna 35 tenestebilar (leasing), produksjon og trykking av bok om Hellandheimen, fleire rammeavtalar, reinhaldstenester diverse utgreingar, konsulentbistand til prosjektering av ny ungdomsskule, konseptstudie nytt helse- og velferdsbygg.

Starta bygging av nytt helse- og velferdsbygg – Helsehuset Stella Maris.

Utfordringar i perioden 2020 – 2023 kommunestyret bør kjenne til:

Fleire av kommunen sine bygg har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep, både utvendig og innvendig og ved fleire bygg er det behov for renovering. Det gjeld fleire skulebygg, sentralkjøkkenet og bustader med stor slitasje. Fleire einingar melder inn behov for å tilpasse bygget/arealet til ny eller endra drift. I tillegg er det eit stor behov for å gjere noko med uteområda rundt fleire av bygga våre.

Fleire tekniske anlegg er gamle, behov for utskifting/utbetring. Når feil og manglar må utbetrast, er det svært kostnadskrevjande. Naudstraumsforsyninga på Myraområdet er utdatert og har ikkje nok kapasitet.

5.9 Tekniske tenester

Visjon:

Tekniske tenester legg til rette fysisk, slik at Vestnes blir ein endå meir attraktiv kommune for næringsutvikling og busetting.

Kva har vi oppnådd i kommunestyreperioden 2015 – 2019?

- Gjennomført/påbegynt vedtekne investeringsprosjekt, med høg kvalitet: kommunale vegar/gangvegar/fortau, industriområde, bustadtomter, avløp mm.
- I stor grad greidd å halde tidskrav på saksbehandling og utført driftsoppgåver så langt kapasiteten har strekt til.
- Behalde ein relativt stabil arbeidsstokk og eit godt arbeidsmiljø.
- Har gjennomført digitalisering av fleire tenester.

Utfordringar i perioden 2020 – 2023 kommunestyret bør kjenne til:


- Framleis stort behov for vedlikehald og utbetringar på kommunal infrastruktur. Omfanget er framleis større enn budsjettet gjev rom for.
- Tilfredsstille forventningar i drifta. Det er store forventningar frå innbyggjarar/brukarar med omsyn til standard, mengde og tidspunkt.
- Meir digitalisering på våre saksområde for å gjere oppgåver meir effektive, og gjere det enklare for innbyggjarane, søkarar og andre.
- Stor tilgang på arbeidsoppgåver, utan at driftsbudsjett gjev særleg rom for fleire tilsette. Vi er ein liten organisasjon med få tilsette samanlikna med kommunar i same storleik. Difor vert dei ulike fagmiljøa også små og sårbare for endringar.
- Bidra til at Tekniske tenester og Vestnes kommune vert ein endå meir attraktiv arbeidsplass for dyktige fagfolk.
- Eininga har ansvar for veldig mange fagområde, - både svært synlege og mindre synlege. At alle desse er viktige og lovpålagde kan vere utfordrande å kommunisere og få gehør for i ein travel kvardag.
- Innlemme kommunale tekniske anlegg, drift og vedlikehald i Vågstranda/Hjelvika frå 2021.

6 Utgiftsbehov – prognosemodell på sektornivå

Administrasjonssjefen vurderer det som politisk interessant for kommunestyret å få innsikt i KS sin prognosemodell for kommunane. Denne er også utarbeidd på kommunenivå basert på følgjande faktorar:

- Utvikling i folketal (byggjer på SSB prognosemodell)
Samanlikna mot utviklinga i landet og Møre og Romsdal
- Kva betydning det vil få for utgiftsbehovet i kommunen innan dei største sektorane.

Prognose for utvikling i folketallet 2011 - 2029




- Folketal på landsbasis er forventet å ha ein jamn auke i åra framover, men mindre enn rekna med tidlegare. Møre og Romsdal får ein noko mindre auke enn for landet samla.
- Prognosen for Vestnes er ein liten nedgang, men mest uendra folketal. Det stemmer godt med det vi har sett siste åra.
- Denne prognosen er utgangspunkt for resten av dei oversiktane vi viser vidare.

Utgiftsbehov


Med utgangspunkt i forventet endring i innbyggertal i dei ulike aldersgruppene er det laga prognose på forventet auke/reduksjon i utgiftsbehovet sett opp mot i dag.

Utgiftsbehov dannar grunnlaget for rammeoverføringane til kommunane.




Utgiftsbehovet i Vestnes vil auke i åra framover, men mindre enn landsgjennomsnitt. Dette grunna at folketalet i landet går opp, men ikkje i Vestnes.

Pleie og omsorg




- I pleie- og omsorg vil utgiftsbehovet auke mykje i kommande år, auken er like stor som for landet.
- Dette grunna at vi har like stor auke i aldersgruppene over 67 år som landsgjennomsnitt. Det er i dei andre aldersgruppene det er mindre auke.

Grunnskule



- Andel av befolkninga som er i barnehagealder og grunnskulebarn vil gå ned i åra framover. Dette grunna lågare fødselstal enn tidlegare.
- Nedgangen vert spesielt stor i Vestnes og utgiftsbehovet vil gå ned.

Endring i utgiftsbehov - fordelt på sektor



- I åra framover vil utgiftsbehovet i pleie- og omsorg auke mykje, auken startar allereie i 2020 og vil auke kvart år utover i perioden.
- I barnehage og spesielt grunnskule vil utgiftsbehovet gå ned grunna lågare barnetal.

Del 2

Pkt 7. Økonomiplan 2020 – 2023 - talde

7.1 Samandrag taldei

Alle tal i 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett	Budsjettframlegg			
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	509 596	527 636	540 700	526 100	520 000	516 900
Nto. Finans innt./utg.	21 739	27 100	32 100	43 350	43 150	42 850
Nto. Avsetninger	5 355					
Sum utgifter	536 690	554 736	572 800	569 450	563 150	559 750
Frie disponible inntekter	537 816	554 750	572 800	563 400	568 800	560 400
Resultat	1 126	14	0	-6 050	5 650	650
Bruk av disposisjonsfond			0	6 050	0	0
Avsetning til fond			0		5 650	650
Resultat etter bruk av fond			0	0	0	0

Resultat i % av driftsinn.			0	-1,1	1,0	0,1
Disposisjonsfond			11 000	4 950	10 600	11 250

- Budsjett 2020 er første år i økonomiplanperioden. Alle tal i planperioden er i 2020 tal kan såleis samanliknast.
- Ved utrekning av disposisjonsfond er det rekna med at det ikkje vert avsett/eller brukt av disp. fond i 20198.

Kommentarar:

- Driftsbudsjett 2020 er svært stramt, slik det har vore dei seinare år. Alle signal frå sentrale myndigheiter tyder på at det vert strammare økonomiske tider for kommunesektoren i åra framover.**
- Sentrale føringar er at kommunesektoren bør ha minst 1,75 % overskott, rekna av brt. driftsinntekter. Vi burde budsjettere med årleg «overskott» på minst 10,0 mill. kr. I økonomiplanperioden går budsjett i balanse, utan overskott id et heile.**
- Driftsnivået er for høgt sett i forhold til det vi disponerer av inntekter.**
- Utgiftssida for resten av perioden er meir usikker. Erfaring er at utgiftene aukar meir enn det vi har rekna med. Vi har, så godt som det er mogeleg, prøvd å lage ein økonomiplan som er realistisk. Det må gjennomførast både effektiviseringstiltak og kutt/innsparingar utover i planperioden dersom skal vi klare å holde drifta i balanse.
- Elevtalet i grunnskulen går ned med over 100 barn fram til 2024. Som følgje av dette vert også rammeoverføringane mindre. Ressursbruken i grunnskulesektoren må reduserast. Skal vi ha moglegheit å klare å ha balanse i økonomien i kommande år er det viktig at ein no gjennomfører føreslåtne strukturendringar i grunnskulen
- Det er og viktig å komme i gang att med planlegging av felles ungdomsskule, både faglege og økonomiske argument peikar på at det bør bli ein felles ungdomsskule.
- Pleie- og omsorg må effektivisere drifta og få innsparing når nytt helse- og velferdsbygg er ferdig og ein får samla drifta i eitt bygg.
- Bu- og habiliteringstenestene føreset vi bygger ned og avviklar bueiningar etter kvart som antall vertskommunebrukarar vert redusert. I tillegg må denne store eininga også vurdere andre tiltak for å redusere utgiftene. Det er ikkje realistisk at ein klarer å legge ned bueiningar kvart år.
- I tillegg til det som er nemnt ovanfor må ein i heile planperioden søke å finne fleire tiltak for å redusere utgiftene, alle einingar må rekne med å få strammare budsjetttrammer.

7.2 Økonomiplan inntekter

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2018	Budsjett * 2019	Økonomiplan 2020	2021	2022	2023
Driftsinntekter eksterne						
Skatt og skatteutjamning	190 674	199 000	203 700	204 000	205 000	206 000
Rammeoverføring	168 001	179 700	186 400	187 400	188 300	189 200
Eigedomsskatt	19 575	20 000	20 500	20 500	20 500	20 500
Andre generelle statstilskott						
Vertskommunetilskott	104 492	104 750	105 500	102 900	100 300	97 700
Integreringstilskott	12 961	11 500	10 500	9 100	8 200	7 500
Havbruksfond	6 682	1 400	8 000	1 000	8 000	1 000
Komp. Eldreutb/skule m.m.	1 555	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500
Sum statlege overføringar	503 940	517 850	536 100	526 400	531 800	523 400

Ressurskrevjande brukarar	29 876	32 000	32 000	32 000	32 000	32 000
Utbytte VEAS	4 000	4 900	4 700	5 000	5 000	5 000

*Korrigert budsjett

Skatt/inntektsutjamning og rammeoverføring

Det er teke utgangspunkt i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2020. Vi føreset at skatteinngangen vert like høg i heile økonomiplanperioden som den har vore i 2019.

Skatteinntektene er difor sett høgare enn anslag i statsbudsjettet.

Skatteinntektene har vi føresett i får ein «reell» auke på 0,5 % pr. år utover i perioden.

Vertskommunetilskott,

reduisert med 2,6 mill. kr pr. år. Dette i tråd med nedtrappingsordninga for vertskommunetilskott som gjeld i dag.

Administrasjonssjefen føreset at den nedtrappingsordninga som gjeld i dag ikkje vert endra. Den er svært gunstig for kommunar med mange vertskommunebrukarar og lavt innbyggjartal slik som Vestnes kommune.

Dersom Stortinget endrar denne ordninga, kan det få betydeleg negativt utslag for Vestnes kommune.

Viser elles til meir utfyllande kommentarar om dei ulike inntektene under kapittelet om driftsbudsjett 2020, pkt 5.1.

7.3 Økonomiplan – utgifter

Bruk av midlar (eks. finanskostnader) for perioden 2020 – 2023 er fordelt slik:

Eining	Alle tal i 1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
		2 018	2 019	2 020	2 021	2 022	2 023
Politisk verksemd		6 565	7 058	6 996	6 506	6 506	6 506
Sentraladm./servicektr./fellesutg.		25 317	30 055	33 344	32 994	32 994	32 994
Grunnskule		85 057	86 408	87 539	87 539	87 539	87 539
Elevar ved Tresfjord skule til Helland				-1 700	-4 000	-4 000	-4 000
Red. 20 timar tildelte ekstratimar				-300	-660	-660	-660
Elevar ved Fiksdal skule til Tomrefjord					-2 000	-5 000	-5 000
Barnehage		42 205	43 685	45 658	45 658	45 658	45 658
Kulturskulen, kultur og fritid		14 751	15 525	16 413	16 413	16 413	16 413
Kvalifisering og integrering		8 954	9 487	9 500	9 000	8 500	8 000
Barn, ungdom og familie		19 814	22 552	21 830	21 830	21 830	21 830
Barnevern		12 589	15 555	14 500	14 500	14 500	14 500
Helse, omsorg og velferd *		139 540	141 921	148 147	148 147	148 147	148 147
Sparetiltak				-1 300	-1 300	-1 300	-1 300
Effektivisering nytt helsehus					-2 500	-2 500	-2 500
Halde tom ei bueining Stella Maris					-3 500	-3 500	-3 500
Bu- og habiliteringstenestene		132 851	134 053	135 850	133 250	130 650	128 050
Eigedomsdrift		3 975	2 960	3 000	3 000	3 000	3 000
Teknisk sektor		15 708	15 877	15 800	15 800	15 800	15 800
Kjøp tenester Tremek		2 270	2 500	2 420	2 420	2 420	2 420
Reduksjon pensjonsutgifter				-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
Lønsoppgjør 2020				7 000	7 000	7 000	7 000
Sum driftsutgifter		509 596	527 636	540 697	526 097	519 997	516 897

Føresetnader som er lagt inn

Utgiftene til dei fleste einingane i åra 2021 – 2023 er som budsjett 2020 dersom ikkje noko anna er nemnt nedanfor.

Økonomiplan ikkje er bindande anna enn for år 1. Det som er føreslått både av reduksjonar og nye tiltak er signal om kva tiltak administrasjonen meiner må gjennomførast i perioden.

Grunnskule,

- Føresett at Tresfjord skule vert lagt ned hausten 2020 og elevane flytta over til Helland skule. Elevane går inn i klassane utan at det vert ekstra klasser.
- Fiksdal skule nedlagt frå haust 2021 og elevane flytta over til Tomrefjord skule, her kan det verte ein ekstra klasse i eitt eller to år.

Dei to skulane har i dag eit nto. budsjett på ca. 11,1 mill. kr. Vi føreset ei innsparing på 9,0 mill. kr når tiltaka gjev heilårseffekt.

Sparesum er vanskeleg å anslå nøyaktig grunna endring i elevtal og klassetal. Kan og variere noko frå år til år.

Viser til eiga sak som vert lagt fram i same møte som budsjett og økonomiplan.

Pleie- og omsorg,

- I budsjett for 2020 er det foreslått ei redusert løyving på 1,3 mill. kr. I samarbeid med leiarane i sektoren vert det arbeidd for å kome med framlegg på korleis dette skal dekkast inn.
- I økonomiplanperioden er det foreslått å halde tom ei bueining (8 plassar) ved Stella Maris frå og med 2021. Det kan likevel verte aktuelt å opne denne for å ta unna auke i behov frå nye innbyggjarar frå Vågstranda og Hjelvik. Sistnemnde må då ev sjåast i samanheng med auka rammeoverføringar som følge av auken i folketalet.

- Det er lagt inn eit effektiviseringstiltak på 2,5 millionar kr i økonomiplanperioden frå og med 2021. Dette som følge av at Helsehuset Stella Maris vert teke i bruk. Eit moderne og tilpassa bygg skal kunne gje grunnlag for meir effektiv drift. Administrasjonen arbeider med eit organisasjonsutviklingsprosjekt for Helsehuset Stella Maris som i detalj planlegg organisering og drift av bygget og tenestene her. Arbeidet vil kunne ut i ei sak som vil gå til politisk behandling kring dette, og resultatet frå prosjektet vil og danne grunnlag for detaljbudsjett frå og med 2021. Det er difor i dag usikkerheit knytt til endeleg størrelse på effektiviseringstiltaket.

Bu- og habiliteringstenestene,

Føresett nedtrapping av budsjetttramma i takt med årleg nedtrapping av vertskommunetilskottet. Eininga skal også gje tilbod til nye brukarar som ikkje er innanfor ansvarsreforma og det er fleire yngre som ventar på kommunalt tenestetilbod, også bustad.

Renter og avdrag

Vi forventar følgjande utvikling i finanskostnader:

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap	Budsjett *	Økonomiplan			
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Avdrag	19 645	20 100	24 800	29 250	29 250	29 250
Renter	6 319	7 000	7 300	14 100	13 900	13 600
Sum finanskostnader	25 964	27 100	32 100	43 350	43 150	42 850

* Korrigert budsjett

Føresetnader:

- Låneopptak maks. 20,0 mill. kr pr. år til ordinære investeringar. Større byggjeprojekt kjem i tillegg.
- 2,5 % rente på lån som ikkje har fastrente.
- Maksimal avdragstid på alle lån, tilpassa lengd på avskrivningstid.
- Bygging av nytt helse- og velferdssenter starta tidleg i 2019. Vi må utgiftsføre minimumsavdrag allereie i 2020 (året etter byggjestart). Og auken i avdrag i 2020 og 2021 skuldast dette nybygget. I byggeperioden vert rente på låneopptak belasta investeringsrekneskapen som byggelånsrente.
- Renter og avdrag på skuleutbygging/rehabilitering er ikkje med i denne oversikta då det enno ikkje er avklart kva og kor mykje som skal gjerast.

7.4 Økonomiplan – investeringar

Administrasjon har som målsetting å halde årlege investeringar på eit slikt nivå at dei årlege låneopptaka ikkje vert høgre enn årlege avdrag, helst under. I økonomiplanperioden føreset vi som nemnt maks låneopptak på 20,0 mill. kr pr. år til ordinære investeringar.

I perioden fram til 2023 nemner vi følgjande større investeringstiltak:

- Helsehuset skal være ferdig og takast i bruk i januar 2021
- Planlegge og starte bygging av ungdomsskule på Helland og meir lokal på Helland barneskule
- Rehabilitering Tomrefjord skule
- Lokale til Vestnes kulturskule
- Nye næringsareal og bustadområde etter behov
- Innføring av Helseplattforma frå 2022. Investerings- og driftskostnader endå usikre.

I tillegg mange andre mindre investeringar.

7.5 Økonomiplan rekneskapsskjema

Budsjettskjema 1A

Alle budsjettal i 1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk. Plan		
	2 018	2 019	2 020	2 021	2 022	2 023
Skatt på inntekt og formue	176 645 711	199 000	203 700	204 000	205 000	206 000
Ordinært rammetilskudd	182 029 422	179 700	186 400	187 400	188 300	189 200
Skatt på eigedom	19 574 654	20 000	20 500	20 500	20 500	20 500
Andre direkte eller indirekte skattar						
Andre generelle statstilskudd	125 362 946	119 150	125 500	114 500	118 000	107 700
Sum frie disponible inntekter	503 612 733	517 850	536 100	526 400	531 800	523 400
Renteinntekter og utbytte	4 891 671	5 500	4 700	5 000	5 000	5 000
Gevinst finansielle instrument	2 045	20				
Renteutg. provisj. og andre fin. Utg	-6 988 135	-9 700	-7 300	-14 100	-13 900	-13 600
Tap finansielle instrument	-19 644 954	0				
Avdrag på lån		-21 000	-24 800	-29 250	-29 250	-29 250
Nto. Finansint./utg.	-21 739 373	-25 180	-27 400	-38 350	-38 150	-37 850
Til dekning av tidl. Reknesk. undersk.						
Til ubundne avsetningar	-8 763 716	-1 616			-5 650	-650
Til bundne avsetningar	-3 223 803	-869				
Bruk av tidl. Års mindreforbruk	4 162 716	1 616				
Bruk av ubundne fond				6 050		
Bruk av bundne avsetningar	2 469 690	3 027				
Netto avsetningar	-5 355 113	2 158		6 050	-5 650	-650
Overført til investeringsrekneskap						
Til fordeling drift	476 518 247	494 828	508 700	494 100	488 000	484 900
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	474 902 658	494 828	508 700	494 100	488 000	484 900
Meir (-) /mindreforbruk	1 615 589	0	0	0	0	0

Disposisjonsfond utg. året	11 000	4 950	10 600	11 250
----------------------------	--------	-------	--------	--------

Budsjettskjema 1 B

Eining	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
Alle tal i 1000 kr	2 018	2 019	2 020	2 021	2 022	2 023
Politisk verksemd	6 565	7 058	6 996	6 506	6 506	6 506
Sentraladm./servicektr./fellesutg.	25 317	30 055	33 344	32 994	32 994	32 994
Grunnskule	85 057	86 408	87 539	87 539	87 539	87 539
Elevar ved Tresfjord skule til Helland			-1 700	-4 000	-4 000	-4 000
Red. 20 timar tildelte ekstratimar			-300	-660	-660	-660
Elevar ved Fiksdal skule til Tomrefjord				-2 000	-5 000	-5 000
Barnehage	42 205	43 685	45 658	45 658	45 658	45 658
Kulturskulen, kultur og fritid	14 751	15 525	16 413	16 413	16 413	16 413
Kvalifisering og integrering	8 954	9 487	9 500	9 000	8 500	8 000
Barn, ungdom og familie	19 814	22 552	21 830	21 830	21 830	21 830
Barnevern	12 589	15 555	14 500	14 500	14 500	14 500
Helse, omsorg og velferd *	139 540	141 921	148 147	148 147	148 147	148 147
Sparetiltak			-1 300	-1 300	-1 300	-1 300
Effektivisering nytt helsehus SM				-2 500	-2 500	-2 500
Halde tom ei bueining Stella Maris				-3 500	-3 500	-3 500
Bu- og habiliteringstenestene	132 851	134 053	135 850	133 250	130 650	128 050
Eigedomsdrift	3 975	2 960	3 000	3 000	3 000	3 000
Teknisk sektor	15 708	15 877	15 800	15 800	15 800	15 800
Kjøp tenester Tremek	2 270	2 500	2 420	2 420	2 420	2 420
Reduksjon pensjonsutgifter			-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
Lønssoppgjer 2020			7 000	7 000	7 000	7 000
Sum driftsutgifter	509 596	527 636	540 697	526 097	519 997	516 897

* eks. tilskott ressurskrevjande brukarar kr 32.000,- kvart år i økonomiplanperioden

8. Driftsbudsjett 2020

8.1 Hovudoversikt – frie disponible inntekter 2020

Alle tal i 1000 kr	Budsjett 2020	Budsjett * 2019	Rekneskap 2018
Skatt og skatteutjamning	203 700	199 000	190 674
Rammeoverføring	186 400	179 700	168 001
Eigedomsskatt	20 500	20 000	19 575
Andre generelle statstilskott			
Vertskommunetilskott	105 500	104 750	104 492
Integreringstilskott	10 500	11 500	12 961
Havbruksfond	8 000	1 400	6 682
Komp. Eldreutb/skule m.m.	1 500	1 500	1 555
Driftsinntekter	536 100	517 850	503 940

Utbytte VEAS	4 700	4 900	4 000
Ressurskrevjande brukarar	32 000	32 000	29 876

* Korrigeret budsjett

- Frie disponible inntekter aukar med 17,5 mill. kr, tilsvarande 3,4 %. Det er om lag som forventa auka løns- og prisstigning.
- Forventa høg utbetaling frå Havbruksfond i 2020 er viktigaste årsak til auke i frie inntekter.

Rammeoverføring

Rammeoverføringane er i hovudsak samansett av følgjande element:

Alle tal i 1000 kroner	2020	2019	Endring 2019 -2020
Innbyggjartilskott	164 222	161 895	2 327
Utgiftsutjamning	8 714	10 839	-2 125
Trekk for red. arbeidsgjevaravgift	0	-2 944	2 944
Distriktstilskott	5 280	5 136	144
Skjønn	4 600	3 700	900
Diverse	3 489	1 078	2 411
Sum	186 305	179 704	6 601

- Kriteria som rammeoverføringane vert fordelt etter vert revidert/justert med visse mellomrom.
Vestnes kommune kom «heldig» frå endring av i inntektssystemet som gjaldt frå 2017, neste endring vert truleg for 2021.
Då er mange kommunar slått saman og det er vorte mange større kommunar. Vi kan frykte at det kan gje uheldig utslag for oss.
- Vestnes kommune er ein av kommunane i Møre og Romsdal som får minst i rammeoverføring pr. innbyggjar.

Innbyggjartilskottet er hovuddelen i rammeoverføringa. Her får alle kommunar ein lik sum pr. innbyggjar.

Tilskott pr. innbyggjar i 2020 er kr 25.083,-.

Utgiftsutjamning, er omfordeling mellom kommunane som følgje av forventa ulikt utgiftsbehov. Med grunnlag i eit sett kriterier vert det fastsett ein indeks for utgiftsbehovet i kvar kommune. Er indeksen høgare enn landsgjennomsnittet, får kommunen kompensert delar av dette ved utgiftsutjamning, og motsett er dersom kommunen er rimelegare å drive enn snittet, då vert ein trekt. Aldersfordelinga av innbyggjarane veg mykje her. Sjå meir om dette i del 1 pkt 6 (Utgiftsbehov)

Vestnes vert også trekt for elevar som går på privatskule, **6,5 mill. kr** pr år.

Vestnes har alltid lagt noko over snittet på indeksen for utgiftsbehov og fått ekstra kompensasjon. (Indeks 1,0 er likt landsgjennomsnitt. Ved høgare indeks får vi tillegg og ved mindre enn 1,0 vert vi trekt).

År	Indeks
2013	1,0223
2014	1,0158
2015	1,0050
2016	1,0149
2017	1,0250
2018	1,0341
2019	1,0391
2020	1,0336

- Reduksjonen fram til 2016 har nok mykje samanheng med endring i alderssamansetjing, nedgang spesielt i barnegruppa.
- Auken etter 2017 har m.a. samanheng med endringa/revidering av kriteria for rammeoverføring som vart gjeldande frå 2017. Vestnes kommune kom godt ut av det. I tillegg aukar indeksen for dei eldste aldersgruppene.
- Kostnadsindeksen for 2019 er 1,034 det betyr at det er 3,4% dyrare å drive Vestnes kommune enn landsgjennomsnitt og det får vi 8,7 mill. kr ekstra for i rammeoverføringa.

Som nemnt tidlegare betyr alderssamansetjinga mykje for kostnadsindeksen. Unge og eldre veg svært høgt, og aldersgruppa 20 – 67 år mindre.

Ser vi på nokre av dei “tunge” kriteria viser dei følgjande tal for Vestnes:

	Indeks	Tillegg/ frådrag
Barn 0 år - 1 år	0,8405	-321 000
Barn 2 år - 5 år	0,8547	-7 168 000
Barn 6 år - 15 år	0,9780	-2 062 000
Innb. 67 år - 79 år	1,1972	4 001 000
Innb. 80 år - 89 år	1,2047	5 675 000
over 89 år	1,1570	2 193 000
PU over 16 år	1,3447	6 076 000

Vestnes vert trekt grunna lågare tal barn enn landsgjennomsnitt og får ekstra midlar fordi det er over gjennomsnittet i dei eldste aldersgruppene. Vi har også ein stor andel PU (ekskl. ansvarsreforma).

Distriktstilskott, vert gitt til kommunar i sør-Norge med svak samfunnsmessig utvikling. Tilskottet varierer etter verdien på distriktsindeksen. Distriktsindeksen viser graden av distriktsutfordringar. Indeksen blir berekna ved at kommunane får ein verdi mellom 0 og 100.

Kommunar med dei lågaste verdiane har dei største distriktsutfordringane.

Distriktstilskottet blir større tilskott dess lågare indeksen er. Økonomisk kan det difor sjå ut til å vere ein fordel å komme dårleg ut på distriktsindeksen, men samtidig gjev det uttrykk for utfordringar, altså befolkningsnedgang, marknadsutfordringar og lav sentralitet. Vestnes gjekk ned i indeks utarbeidd for 2018, og dette gav dermed større tilskott. Same indeks er også brukt ved tildeling av midlar for 2019 og 2020.

Det er varsla endring i kriteria for utrekning av distriktsindeksen frå 2021.

Vestnes har i dag ein indeks på 41,0. Signal er at indeksen for Vestnes vil auke og redusert tilskott.

Skjønn, ekstra tilskott som Fylkesmannen fordeler. Vestnes kommune er ein av kommunane i Møre og Romsdal som får mest i skjønsmidlar, det grunna at vi har over snittet i utgifter til barnevern og ressurskrevjande brukarar.

Skatteinntekter og inntektsutjamning.

Desse må vi sjå ilag då dei vert samordna.

Vestnes kommune har lågare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet, og vert rekna som minsteinntektskommune. Siste året har skatteinntektene i Vestnes auka, truleg grunna mange leigearbeidarar, og vi ligg på 96,5 av landsgjennomsnittet.

Delar av den mindreinntekta vi har på skatteinntekter får vi kompensert ved inntektsutjamning. Dersom skatteinntektene aukar mindre enn landsgjennomsnittet, får vi kompensert delar av dette ved auka inntektsutjamning. Motsett, dersom skatteinntektene våre aukar meir enn landsgjennomsnittet, vert kommunen trekt.

- **Skatteinntektene for Vestnes er difor helt avhengig av utviklinga av skatteinntektene på landsbasis.**
- **Vi føreset at skatteinngangen i Vestnes fortset å være høg i heile økonomiplanperioden, og set inntektene 4,6 mill. kr høgare enn oppgjewe i statsbudsjett.**
- **Budsjettert skatteinntekt er basert på innbyggartal pr. 01.07.19. Det er imidlertid innbyggartal pr 01.01.20 som er utgangspunkt for skatteinntektene i 2020. Vi føreset at innbyggartalet ikkje går ned fram til då.**

Eigedomsskatt.

Kommunestyret vedtok i møte 31.10.19, sak KST 108/19 at skattesatsen skal være uforandra på 4 promille i 2020, og at ein skal gå over til å nytte Skatteetatens formuesgrunnlag som takstgrunnlag, ved utskriving av eigedomsskatt for bustadar frå og med 2020

Vertskommunetilskott.

I 2019 er tilskottet på 104,8 mill. kr. Det er teljing av brukarar kvart år og tilskottet skal reduserast årleg i takt med reduksjon i talet på brukarar. Regelverket for reduksjon av vertskommunetilskottet er no slik at ingen kommune skal ha større årleg reduksjon i tilskottet enn kr 400,- pr. innbyggjar. Vi får difor årleg reduksjon på 2,6 mill. kr.

Vi har hatt mange dødsfall siste åra og ut frå denne nedtrappingsordninga er Vestnes er ikkje trekt så mykje som fråfall av brukarar skulle tilseie. Vestnes er difor ein av dei kommunane i landet som får mest i tilskott pr. brukar.

Dette er ei svært gunstig ordning for dei vertskommunane som har mange brukarar og lite folketal, slik som Vestnes. Dersom Stortinget endrar denne ordninga, kan det få betydeleg negativt utslag for Vestnes kommune.

Asyl- og integreringstilskott,

statleg tilskott vi får for å gje tilbod til flyktningar som er busett i Vestnes kommune. Vi føreset mottak av minst 10 nye flyktningar i 2019 og 2020. Dersom det vert høgre tal vert inntektene auka, men då må vi også auke utgiftene tilsvarande.

Utbytte VEAS,

Frå VEAS har vi fått opplyst at utbytte i 2020 truleg vert 3,5 mill. kr og 5,0 mill. kr resten av perioden.

VEAS utbetaler 60% av overskott i utbytte til kommunen. Grunna vanskar med å få balanse i kommunen sitt budsjett har vi budsjettert med 80 % utbytte i 2020. Det er styret i VEAS som vedtek utbytte.

Havbruksfond

Stortinget har vedteke å opprette eit Havbruksfond. Frå og med 2016 skal 80% av inntektene frå framtidig vekst i oppdrettsnæringa fordelast gjennom Havbruksfondet til kommunal sektor (kommunar og fylkeskommunar) Fiskeridirektoratet er ansvarleg for utbetalingane.

Alle kommunar og fylkeskommunar som har lokalitetar for oppdrett av laks og aure i sjøvatn får ein respektiv andel av inntektene som skal fordelast.

Det er forventa utbetaling frå fondet annakvart år, kanskje ei mindre utbetaling åra mellom.

Vi fekk 6,7 mill. kr i 2018.

I år skulle vi i utgangspunktet ha 1,4 mill. kr. Grunna at det vart gjort ein omfordeling i utbetalingane slik at kommunar som har fått nye lokasjonar siste åra skulle få kompensasjon for det fekk vi 3,2 mill. kr.

Signal vi har fått er at det er forventa noko mindre utbetaling i 2020 enn i 2018, men med nye lokasjonar i kommunen budsjetterer vi likevel 8,0 mill. kr.

- **Dette er ekstra inntekter som kommunane med oppdrettsanlegg får. I utgangspunktet burde vi kunne avsatt dette på fond og brukt til finansiering av investeringar eller brukt til næringspolitiske tiltak for å støtte oppretting av nye arbeidsplassar i kommunen.**

8.2 Bruk av midlar – driftsutgifter 2019

Driftsutgiftene er utarbeidd med **grunnlag i dagens drift**, korrigert for løns- og prisauke, og tilpasningar til inntektsrammer som administrasjonssjefen gjer framlegg om for å få økonomisk balanse.

8.2.1 Driftsutgiftene er fordelt slik:


Eining	Alle tal i 1000 kr	Budsjett 2 020	Budsjett 2 019	Rekneskap 2 018
Politisk verksemd		6 996	7 058	6 565
Sentraladm./servicektr./fellesutg.		33 344	30 055	25 317
Grunnskule		85 539	86 408	85 057
Barnehage		45 658	43 685	42 205
Kulturskulen, kultur og fritid		16 413	15 525	14 751
Kvalifisering og integrering		9 500	9 487	8 954
Barn, ungdom og familie		21 830	22 552	19 814
Barnevern		14 500	15 555	12 589
Helse, omsorg og velferd *		146 847	141 921	139 540
Bu- og habiliteringstenestene		135 850	134 053	132 851
Eigedomsdrift		3 000	2 960	3 975
Teknisk sektor		15 800	15 877	15 708
Kjøp tenester Tremek		2 420	2 500	2 270
Reduksjon pensjonsutgifter		-4 000		
Lønsoppgjer 2020		7 000		
Sum driftsutgifter		540 697	527 636	509 596

* eks. tilskott til ressurskrevjande brukarar

- Utgiftene aukar med 13,0 mill. kr frå årets korrigerte budsjett. Auken er 2,5 % og er mindre enn forventa løns- og prisauke.
- Administrasjonssjefen har, for å kunne utarbeide eit budsjett i balanse, redusert rammene til dei fleste einingane i forhold til det einingsleiarane har meldt at det er behov for.
- Føreslått budsjett til einingane er svært stramt. Det er etter administrasjonssjefen si vurdering på grensa (og kanskje over) til det som kan reknast som realistisk. Og det vert krevjande å halde tildelte rammer.
- Det er avsett 7,0 mill. kr til å dekke sentrale lønsoppgjer 2020 og lokale forhandlingar haust 2019. Dette kan dekke eit lønstillegg på 2,2 % frå 01.05.20. Sjølv om vi ikkje forventar store lønstillegg til våren, så er nok likevel avsett sum likevel truleg for liten.
- Pensjonsutgiftene i budsjett til einingane er sett til 15,5 %, signal er at det vert liten auke i pensjonsutgifter neste år og det er truleg budsjettert noko for mykje. Vi har difor redusert pensjonsutgiftene med 4,0 mill. kr. Då utgjør pensjonsutgiftene i underkant av 15 %.
- Det er ikkje rom til å dekke uforutsette utgifter som evt. må komme i 2019.

Einingane sin del av netto budsjett er som følgjer:

Sektor	Budsjett 2020	Andel i %
Politisk verksemd	6 996	1,3
Sentraladm./serv.kt./fellesutg	33 344	6,2
Grunnskule	85 539	16,0
Barnehagar	45 658	8,5
Kulturskolen, almen kultur og fritid	16 413	3,1
Barn, ungdom, familie og barnevern	36 330	6,8
Helse, omsorg, velferd	146 847	27,4
Bu- og habiliteringstenesta	135 850	25,4
Eigedomsdrift	3 000	0,6
Tekniske tenester	15 800	3,0
Kvalifisering og integrering	9 500	1,8
Sum driftsutgifter	535 277	100



- Helse, omsorg og velferd er den største sektoren med vel 27 % av budsjetttramma tett fulgt av Bu- og habiliteringstenestene med vel 25,0 %.
Desse sektorane utgjør helse- og sosialsektoren og bruker over halve budsjettet. At denne sektoren er så stor skuldast sjølvstekt at Vestnes er vertskommune etter HVPU-reforma.
- Grunnskuledrift og barnehage er dei andre store sektorane, med 24,5%.
- Dei store sektorane som er nemnt ovanfor disponerer over 77 % av budsjetttramma. Resten av sektorane er små i denne samanheng.
- Dette er også grunnen til at når vi må redusere driftsrammene så er det alltid helse- og omsorg, skule og barnehage som vert nemnt først.
Det er her størstedelen av budsjettet ligg og skal ein redusere, må desse sektorane ta mykje.

8.2.2 Renter og avdrag

Innleiing

Renter og avdrag utgjer ein vesentleg del av kommunen sine utgifter.

Renta har variert mykje siste 10 åra. Før vi gjekk inn på fastrenteavtale på delar av låna våre endra kommunen sine renteutgifter seg i takt med rentenivået.

Siste åra har rentenivået vore stabilt lågt. Signal er at rente fortsatt vil være låg.

Rentesats

Vi har pr. i dag fastrente på 190,3 mill. kr av låna våre. Renta varierer frå 1,7 % til 1,97 %.

Flytande rente på resten, her har vi budsjettert med 2,5 % rente.

Pr. i dag er gjennomsnittleg flytande rente ca. 2,2 %.

Lånegjeld

Lånegjeld pr. 31.10.19 var 482,5 mill. kr, dette er eks. byggelånet til Stella Marie som pr. i dag er 249,0 mill.kr.

- Gjennomsnittleg bindingstid på fastrentelåna våre (213,4 mill. kr) er 3,19 år.
- I budsjettet har vi rekna med eit låneopptak på 27,0 mill. kr i 2019. I tillegg til dette kjem byggelån vi må ta opp til det nye- helse- og velferdssenteret.
- Vi forventar at låneopptaka vert større frå 2020 og nokre år framover. Då skal store investeringstiltak som nytt helse- og velferdssenter, rehabilitering av skulebygg og Vestnes ungdomsskule gjennomførast.

Det er budsjettert med følgande i renter og avdrag:

	Budsjett	Budsjett *	Rekneskap
Alle tal i 1000 kr	2020	2019	2018
Avdrag (minimumsavdrag)	24 800	20 100	19 645
Renter	7 300	7 000	6 319
Sum finanskostnader	32 100	27 100	25 964

* Korrigert budsjett

- Vi har maksimal avdragstid på låna våre, rundt 25 år. Avdrag vert budsjettert tilsvarende det som er utrekna som minimumsavdrag.
- Vi får dekkja renter og delvis avdrag for ca. 48,3 mill. kr av lånegjelda vår. Det er kompensasjon for ymse statlege tiltakspakkar innan eldreomsorg, skule, kyrkje.
- Gjeld knytt til sjølvkostområdet, (kloakkutbygging, utleigehus m.m.), er 47,8 mill. kr. Gebyr og husleigeinntekter dekker kapitalkostnadene på denne delen av låneopptaket.
- Startlån utgjer 30.9 mill. kr.
- Ein stor del av rentene på lånegjelda vår er sikra anten ved fastrente eller gebyr/refusjonar/inntekter.
- Vestnes kommune er no ikkje så sårbar for evt. store endringar i rentenivå som i 2008 då renta brått auka mykje.

8.2.3 Pensjonskostnader

Det er utgiftsført følgjande pensjonskostnader siste åra:

År		Sum	Auke i %
Rekneskap	2011	32 500 000	3,2
	2012	34 800 000	7,1
	2013	40 000 000	14,9
	2014	43 700 000	10,8
	2015	45 100 000	3,2
	2016	47 855 000	6,0
	2017	50 256 000	5,0
	2018	48 470 000	-3,7
Prognose	2019	51 854 000	7,0
Budsjett	2020	52 700 000	1,6

Pensjonskostnadene utgjør ein stor del av driftsutgiftene. Dei kan variere ein del frå år til år. Størrelsen på årlege lønsoppgjer og trygdeoppgjer spelar ei rolle her m.h.t. framtidige forpliktelsar til trygde/pensjonsutbetalingar.

Signal er at det ikkje er forventa stor auke i pensjonskostnadane i 2020. kanskje ein liten reell reduksjon.

Det er budsjettert med eit påslag på i underkant av 15 % pensjonskostnadar. Auken i pensjonskostnadar vert då 1,6 % frå det vi rekna r med vert pensjonskostnad i år. Auken er mindre enn forventa løns- og prisauke på 3,5 %.

8.2.4 Avsatt til lønsoppgjer

Det er budsjettert med lønsregulativ gjeldande pr. 01.05.19, lønsoverheng for dei fleste gruppene er såleis medrekna i budsjetta til einingane.

Unnatak er lønstillegg i lokale forhandlingar hausten 2019, desse forhandlingane var ikkje avslutta då budsjettframlegget vart utarbeidd, og må difor dekkast av avsatt sum til lønsoppgjer. Det utgjør anslagsvis 1,0 mill. kr inkl. sos. avgifter.

- Det er avsett 7,0 mill. kr til å dekke ekstra lønskostnader som ikkje er innarbeidd i einingane sine budsjett.
Det skal dekke rest lønsoppgjer for 2019 samt lønstillegg i 2020.
- Avsatt sum kan dekke eit tillegg på 2,2 % frå 01.05.20. Summen burde vore større, men hadde ikkje meir til disposisjon.
Truleg er dette for lite og vil ikkje dekke ekstrakostnaden.

8.3 Kommentarer til einingane sine driftsbudsjett 2020

8.3.1. Politisk styring

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2020		
	2 018	2 019	Utgifter	Inntekter	Netto
Ordfører	1 498	1 559	1 543		1 543
Politiske styringsorgan	2 284	2 620	2 416		2 416
Politisk støttefunksjon	274	260	354		354
Tiltaksarbeid	991	955	1 000		1 000
Reiselivsretta verksemd	249	280	290		290
Beredskap	362	371	370		370
Kontrollutval og Revisjon	908	1 013	1 023		1 023
Politisk styring	6 566	7 058	6 996	0	6 996

Opplysninger:

På ansvar «politiske styringsorgan» er det i tillegg til godtgjersle til varaordfører, leiar i planutval, møtegodtgjersle til alle politiske møte, også budsjettert ein del kontingentar som m.a..

- KS kontingent, inkl. FOU kr 365.000,-
- Sunnmøre regionråd kr 140.000,-
- ROR kr 140.000,-
- Nynorsk kommunar kr 17.000,-
- KS eighedsforum kr 13.000,-
- LVSH kr 12.000,-
- Nettverk fjord- og kystkommunar kr 37.000,-

Tiltaksarbeid

- Vestnes Næringsforum kr 750.000,-
- Gassror IKS kr 250.000,-
- Visit Nordmøre og Romsdal AS kr 240.000,-

I økonomiplanen er det foreslått:

- Utmelding av Visit Nordmøre og Romsdal frå 2021 sparesum kr 240.000,- pr. år
- Redusert tilskott til Vestnes Næringsforum frå 2021 sparesum kr 250.000,- pr. år

8.3.2 Sentraladministrasjon og fellesutgifter

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2020		
	2 018	2 019	Utgifter	Inntekter	Netto
Administrasjonssjefen	7 642	8 425	8 295	15	8 280
Rekneskap	1 348	1 392	2 250	558	1 692
Skatt	883	1 030	450		450
Løn	1 490	1 402	1 506	79	1 427
Personal	1 602	1 554	1 560		1 560
Servicekontor	2 582	2 430	3 693	896	2 797
Sentraladministrasjonen	15 547	16 233	17 754	1 548	16 206
Fellesutgifter	1 170	3 858	5 993	280	5 713
Utgifter hovudtillitsvalt	1 288	1 420	1 320		1 320
Hovudverneombud	157	129	134		134
Bedriftshelseteneste	129	400	300		300
Lærlingar	656	824	851		851
IKT-ROR samarbeid	6 337	7 192	9 170		9 170
Sparetilak, blir fordelt seinare			-350		-350
Fellesutgifter	9 737	13 823	17 418	280	17 138
Sum	25 284	30 056	35 172	1 828	33 344

- Regjeringa foreslår i statsbudsjettet at skatteoppkrevjaroppgåva vert overført frå kommunane til staten frå 01.06.20. Vi vart trekt kr 1,4 mill. kr (årsvirkning) i rammeoverføringa for dette. Budsjettet til Molde i 2020 var vel 1,1 mill. kr. Vi vert trekt meir i overføringane enn dette har kosta Vestnes kommune. Vi betaler berre for 5 månader i 2020, føreset at forslaget vert vedtatt av Stortinget.
- Kjøp av tenester med IKT-ROR auka med nto. 1,3 mill. kr frå 2019 til 2020.
- Kjøp av rekneskapsteneste med Molde kommune auka frå kr 1.853.000,- i 2019 til kr 2.165.000,-, ein auke på nær 17 %.
- Betaling til Krisesenteret auka lite frå 2019 til 2020.
- Mykje av auken på fellesutgifter gjeld kjøp av eksterne tenester.

Det er lagt inn ein sparesum på kr 350.000,-, og kr 700.000,- i åra 2021 til 2020. Pr. i dag er det usikkert korleis summen skal inndeckast, truleg ved evt. sal av tenester (utleige av personell) til andre kommunar og ikkje inntak av vikarar ved evt. lengre sjukefråvær. Vi må og forvente innsparing som følgje av gevinst ved digitalisering.

Opplysningar:

Ansvar «Fellesutgifter», som gjeld heile kommunens drift, aukar mykje. Av det som er ført på fellesutgiftene nemner vi m.a.

- Krisesenter kr 1.362.000,-
- Porto, telefon, kr 350.000,-
- Intern husleige kommunehus og bibliotek kr 1.215.000,-
- Kontingentar og avgifter til ei rekkje fellesformål
- IKA - interkommunalt arkiv kr 250.000,-
- KS -OU-midlar kr 840.000,-
- Risk manager, årleg avgift (avviksystem) kr 100.000,-
- Personvernombod, IKA kr 75.000,-

8.3.3 Grunnskule

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2020		
	2 018	2 019	Utgifter	Inntekter	Netto
Fiksdal skule	5 639	5 606	6 900	704	6 196
Tomrefjord skule	26 567	26 398	27 212	2 053	25 159
Helland skule	34 640	37 439	41 832	5 694	36 138
Tresfjord skule	5 011	4 542	5 212	313	4 899
Fellesutgifter skule/Tøndergård skule	10 219	9 456	11 599	1 225	10 374
PPT	2 981	2 967	4 998	1 825	3 173
Auka lærartettleik i skulen			1 600		1 600
Reduksjonar					0
- Elevar ved Tresfjord skule til Helland			-1 700		-1 700
- Redusert 20 styrkingstimar pr. veke			-300		-300
Sum grunnskuledrift	85 057	86 408	97 353	11 814	85 539

Opplysningar:

Ansvar «Fellesutgifter» består stort sett av følgjande:

- Skuleskyss kr 2.850.000,-
- Utg. spes. ped elevar som går ved Vike friskule kr 2.400.000,-
- Kjøp tenester PPT kr 355.000,-
- Utg. for barn for barn som er plassert i fosterheim/spesialskule kr 4.650.000,-
- sal av elevplassar til Rauma kommune haust 2020 - kr 600.000,-

I økonomiplanen er det føresett at Fiksdal skule vert lagt ned frå 01.08.21. Elevane vert overførte til Tomrefjord skule.

Meldte behov

- Einingsleiarane melder om at det er behov for fleire rammetimar slik at ein kan dele klassar både fast og i spesielle fag.

Endringar samanlikna med budsjett 2019

- Tresfjord skule er føresett lagt ned frå 01.08.20. Elevane vert overførte til Helland skule. Sparetiltak 1,7 mill. kr i 2020, 4,0 mill. kr i heilårverknad frå 2021.

Meldte konsekvensar

- Skulane gir tilbakemelding om at budsjetta til skulane siste åra har vore svært stramme og at dei er underbudsjetterte. Det har ikkje vore fagleg forsvarleg å redusere så mykje som det er føresett i budsjetta. Grunnskulen har også hatt meirforbruk i fleire år.
- Det er ikkje vurdert om bemanningsnorm i grunnskulen får konsekvensar for budsjettet. Det vert å kome attende til.

8.3.4. Barnehage

Alle tal i 1000 kr	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2020		
	2 018	2 019	Utgifter	Inntekter	Netto
Tomrefjord barnehage	4 035	4 237	6 077	1 595	4 482
Tresfjord barnehage	2 969	3 276	4 940	1 273	3 667
Helland barnehage	15 175	16 015	20 865	5 228	15 637
Fiksdal barnehage	2 628	2 591	3 547	757	2 790
Gardstunet barnehage	4 478	4 338	5 944	1 468	4 476
Tilskot private barnehagar	9 954	10 357	10 700		10 700
Fellesutgifter barnehage	2 966	2 871	3 105		3 105
Redusert foreldrebetaling			800		800
Sum barnehagedrift	42 205	43 685	55 978	10 321	45 657

Opplysningar

- Tal på årsverk er auka frå 56,6 i 2019 budsjett til 57,6 i 2020 og utover i perioden i tillegg til ekstra assistent og spes. ped.
- Ant. Barn er 228, ein liten auke frå 223 i 2019 budsjett, her kan det sjølvstendig bli endring utover i økonomiplanperioden.
- Ikkje lagt inn ressursar i budsjettet for å dekke vikarinntak ved ubunden tid. Alle utdanna barnehagelærar har rett på 4 timar ubunden tid pr. veke. Det må dekkast innanfor ordinær tid.
- Det er lagt inn midlar til ferievikarar ved Helland barnehage slik at ein kan vidareføre ordninga med 3 vekers feriestengt i staden for 4 veker slik det er ved dei andre barnehagane. Kostnad ca. 170.000,-.
- Det er føresett at barnehagane avviklar så mykje som mogeleg av ferie og avspasering i jul og påske, og unngå så langt råd inntak av vikarar elles i året.
- Det er lagt inn auka bemanning ved barnehagane slik at ein skal kunne ta inn alle som står på venteliste og ynskjer plass vår 2020. Dette er barn som ikkje har rett på plass før til hausten. Kostnad ca. 1,2 mill. kr.
- Foreldrebetaling er utrekna etter satsane i framlegg til statsbudsjett 2020, tilsvarende løns- og prisauke.
- Foreldre med familieinntekt under viss størrelse har rett til redusert foreldrebetaling, vi reknar med at det utgjer kr 800.000,-.
- Fellesutgiftene utgjer i hovudsak:
 - Ekstra tilskott til spes. ped i barnehagane og ekstra bemanning barn med helsemessige behov kr 1.925.000,-
 - Kjøp tenester frå PPT kr 1.075.000,-

Meldte behov

- Kommunestyret har gjeve klare signal om at alle som ynskjer barnehageplass, også om dei ikkje har lovmessig rett på plass. Det er innlagt ekstra ressurs til det.
- Pr. i dag vurderer vi at det er nok barnehageplassar i 2020, men dersom det vert mykje tilflytting til kommunen må vi auke plassar slik at alle får plass.
- Det er ynskje om lengre opningstid ved barnehagane, slik at det er bedre for dei som pendlar.
- Det er ynskje frå fleire barnehagar om å kortare feriestengt barnehage om sommaren. I utgangspunktet er det nok ynskje om å ha enno kortare sommarstengt enn 3 veker slik Helland har.
- Barnehagane ynskjer ressurs til å kunne ta inn vikar ved ubunden tid.

Endringar samanlikna med budsjett 2019

- Det er ikkje store endringar driftsrammene for barnehagane i 2020 i forhold til 2019. Ressursbruken her er stort sett fastlagt ved nasjonale normer for bemanning.

8.3.5. Barn, ungdom og familie (BUF)

Dette vart ei ny eining frå 2017. Den består av rus og psykisk helse, Myra aktivitetssenter, sosiale tenester barn og ungdom, helsestasjon, jordmorteneste.

Den inneheldt i starten og barnevern, men frå 2019 gjekk Vestnes inn interkommunal barnevernteneste med Molde som vertskommune.

Aie tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2020		
	2 018	2 019	Utgifter	Inntekter	Netto
Prosjekt BUF - Psykolog helsestasjon	230	516	895		895
Prosjekt BUF - Styrking helsestasjon	-9	14	609	609	0
Prosjekt BUF - helseteam barn og unge			771	560	211
Helsestasjon	3 218	3 437	3 478		3 478
Jordmorteneste	254	351	417	90	327
Myrateigen	9 788	7 324	8 003	300	7 703
Myra aktivitetssenter	1 073	1 209	1 444	60	1 384
Psykisk helse og Rus	3 280	3 621	3 374		3 374
Administrasjon BUF	860	956	905		905
Familierettleiar BUF	484	688	389		389
BUF- helse og omsorgstenester	571	4 339	3 765	200	3 565
Tilsyn fosterheim	64	97	179	80	99
Sparetiltak			-500		-500
Sum barn, ungdom og familie (BUF)	19 813	22 552	23 729	1 899	21 830

- Auken i psykolog skuldast at vi her har fått eit øyremerka tilskott, frå 2020 er dette er no lagt inn i dei ordinære rammeoverføringane.
- I år er det motteke prosjektmidlar til etablering av psykisk helseteam for barn og unge. Dette vert vidareført i 2020. Ein medarbeidar frå psykisk helse og rus, samt familierettleiar går inn i teamet med ein del av stillingane sine. Difor vert det ein del midlertidig reduksjon i utgiftene på desse ansvara.

Meldte behov

- Det er stor utfordring knytt til at kommunane no får overført større og meir komplekse og samansette oppgåver på alle nivå innafor eininga. Auke i talet på brukarar med til dels store hjelpebehov.
- Nye pakkelop innan psykisk helse og rus vil også utfordre kommunane.
- Frå 1. januar 2019 er det iverksett betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar innan psykisk helse og rus. Vi har enno ikkje erfaring med korleis dette vil slå ut, men vil nok trenge tilrettelagte bustadar for å kunne tilby forsvarlege tenester.

Endringar samanlikna med budsjett 2019

- Det er redusert behov for nattevaktressurs i helse- og omsorgstenester for barn og unge.

Meldte konsekvensar

- Vanskeleg å budsjettere for denne eininga då nye eller utvida behov (brukarar) kan oppstå raskt. Det kan då være ressurskrevjande tiltak som må settast i verk.

8.3.6 Barnevern

Som nemnt ovanfor inngjekk Vestnes frå 2019 i interkommunal barnevernteneste med Molde som vertskommune (Molde, Aukra, Midsund, Eide)

Korleis dette vil slå ut økonomisk har vi enno ikkje god nok kunnskap om.

Budsjettet er difor utarbeidd med erfaringstal frå den drifta vi har hatt siste åra i Vestnes, og drift så langt i 2019.

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2020		
	2 018	2 019	Utgifter	Inntekter	Netto
Barnevern	12 695	15 555	14 500	14 500	14 500
Sum barnevern	12 695	15 555	14 500	14 500	14 500

- 2019 er første heile år kor barnevernstenestene blir drifta av Molde kommune
- Det kan være variasjonar i kor mange barn og unge som må plasserast utanfor heimen, som særleg er utslagsgivande for utgiftsnivået. I 2019 har fleire born enn føresett vore plassert utanfor heimen.
- Talet på plasseringar er noko fallande no i haust, og vi legg til grunn at tendensen fortsetter i 2020. Vi reduserer difor budsjett 2020 med 1 million kroner i forhold til forventa forbruk i 2019.

8.3.7 Kvalifisering og integrering

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2020		
	2 018	2 019	Utgifter	Inntekter	Netto
Vaksenopplæring	1 063	1 298	3 945	2 860	1 085
Busette flyktningaer	7 891	8 189	11 279	2 864	8 415
Sum kvalifisering og integrering	8 954	9 487	15 224	5 724	9 500

Opplysningar:

- I budsjettala er det føresett at Vestnes kommune tek imot 10 flyktningar og i 2020. IMDI har bede kommunen ta imot 16 flyktningar i 2020. I så i tilfelle må både inntektene og utgiftene aukast, nto. utgift for kommunen vert truleg om lag det same.

Meldte behov

- Etter ein periode med høg busetting av flyktningar og mange i introduksjonsprogram med stønad, har no situasjonen stabilisert seg på busetting av om lag 10 i året og om lag 20 i introduksjonsprogram.
- Norskopplæringa har no eit jamt tilsig av andre med rett og plikt i tillegg til dei busetteflyktningane, og deltakartalet ligg på mellom 40 og 50 inklusiv betalingselevane.
- Det vil bli behov for å byggje opp igjen norskopplæringstilbodet på kveldstid då talet på arbeidsinnvandrarak aukar.
- Grunnskule for vaksne er eit kommunalt ansvar utan statstilskot. Ein har budsjettert med ei grunnskuleklasse framover, og det er det behov for.
- Spesialundervisning for vaksne er òg kommunalt ansvar som er med i budsjettet.

Endringar samanlikna med budsjett 2019

- Dei kommunale utgiftene til vaksenopplæring er no i samsvar med det ein må rekne med ih.h.t. til lovpålagte tenester.
Budsjettet for 2019 kan derfor vidareførast i 2020 utan vesentlege endringar.

Meldte konsekvensar

- Vert budsjettet redusert vil det gå ut over kvalifiserings- og integreringstiltak som er naudsynt for å få innvandrarak vidare i utdanning og arbeid.

8.3.8. Kulturskulen, kultur og fritid

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2020		
	2 018	2 019	Utgifter	Inntekter	Netto
Kyrkjelege formål					
Vestnes fellesråd	4 650	4 800	5 000		5 000
Tilskott andre trusamfunn	247	230	240		240
Kultur	4 897	5 030	5 240	0	5 240
- Andre kulturaktivitetar	1 170	1 358	1 224		1 224
- Tilskott museum	305	280	350	0	350
- Tomrefjord idrettsbygg	187	593	1 350	580	770
- Vestneshallen	205	445	785	290	495
- Anlegg og friluftsliv	501	400	511		511
- Barne- og ungdomsarbeid	180		135		135
	2 548	3 076	4 355	870	3 485
Vestnes kulturskule					
- Kulturskulen	4 350	4 464	7 724	3 114	4 610
- Myra kulturhus	571	565	729	165	564
- Bibliotek	1 496	1 549	1 633	30	1 603
- Frivilligsentral	816	877	911		911
	7 233	7 455	10 997	3 309	7 688
Sum kultur,kulturskulen,fritid	14 678	15 561	20 592	4 179	16 413

Meldte behov

- Det er ynskje både frå kulturskulen, bibliotek og frivillighetssentralen om å få auke personalressursen.
- Kulturskulen ynskjer å utvide fagkretsen, spesielt praktiske og estetiske fag.
- For bibliotek må ein vurdere ressursbruken når nytt bibliotek vert teke i bruk i 2021.
- Kulturskulen har akutt behov for nye lokaler då eksisterande lokaler ikkje oppfyller krava i arbeidsmiljøkrava om eit forsvarleg arbeidsmiljø. Dei ynskjer sentrumsnært lokale. Administrasjonssjefen har sett ned ei intern arbeidsgruppe som skal vurdere om lokala som vert att i Vestnes sjukeheim kan brukast til dette.

Endringar samanlikna med budsjett 2019

- Budsjett tilsvarer om lag som 2019, kun korrigert for løns- og prisauke.
- Kulturbudsjett aukar noko meir grunna full drift av Tomrefjord idrettsbygg i 202, mot stengt delar av 2018/2019.

Meldte konsekvensar

- Det vil ikkje vere mogleg å utvide fagtilboda ved kulturskulen med kunstfag og teaterfag.
- Biblioteket vil ikkje kunne utvide sine opningstider.

8.3.9 Helse, omsorg og velferd

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2020		
	2 018	2 019	Utgifter	Inntekter	Netto
Helsevern					
- Administrativ leing Helsevern	923	873	945		945
- Vestnes legesenter	1 573	2 041	6 563	4 513	2 050
- Kommunale legetenester	6 504	7 294	7 992	278	7 714
- Fysioterapitenesta	1 300	1 330	1 370		1 370
	10 300	11 538	16 870	4 791	12 079
NAV - kommune					
- Sosialkurator tenester	2 466	2 520	2 574		2 574
- Økonomisk sosialhjelp	3 671	3 970	3 800	200	3 600
- Kvalifiseringsprogrammet	134	111	807		807
	6 271	6 601	7 181	200	6 981
Hellanstunet					0
- Mariebo	8 112	7 817	9 756	1 850	7 906
- Oppigarden	8 244	7 866	9 814	1 600	8 214
- Ibartun	9 994	11 388	11 200		11 200
	26 350	27 071	30 770	3 450	27 320
Vestnes sjukeheim					
- Vestnes sjukeheim	37 097	36 105	45 908	7 400	38 508
- Tresfjord trygdeheim	15 733	15 982	20 697	4 712	15 985
	52 830	52 087	66 605	12 112	54 493
Heimetenestene					
- Rehabiliteringstenesta	2 231	2 233	2 313		2 313
- Fotterapi	109	31			0
- Heimehjelp	3 560	2 919	3 871	700	3 171
- Heimesjukepleie	31 344	31 542	33 948	1 200	32 748
- Heimevaktmester	129	257	791	400	391
- Dagaktivitet	2 440	2 301	2 447	80	2 367
- Brukarstyrt pers. assistent	653	738	761		761
	40 466	40 021	44 131	2 380	41 751
Fellesutgifter pleie- og omsorg	2 391	3 005	3 075		3 075
Sentralkjøkken	-802	-705	10 198	10 224	-26
Tildelingskontor	1 712	2 203	2 224		2 224
Utskrivingsklare pasientar	18	100	100		100
OU - prosjekt					150
- Sparetiltak 2020				1 300	-1 300
Sum helse, omsorg og velferd	139 536	141 921	181 154	34 457	146 847
Tilskott ressurskr. brukarar	-29 876	-32 000	0	32 000	-32 000

I økonomiplanen er det føresett følgjande tiltak frå 2021:

- Effektiviseringstiltak når Stella Maris er ferdig kr 2.500.000,- pr. år
- Halde tom ei bueining på Stella Maris kr 3.500.000,- pr år

Opplysningar

- Fellesutgifter PO gjeld i hovudsak:
 - akutt døgnplass kommune (Ålesund kommune) kr 1.900.000,-
 - overgrepsmottak (Ålesund kommune) kr 116.000,-
 - div. kontingentar/lisensar kr 400.000,-
 - ansvarsforsikring kr 175.000,-
- Frå 2019 vert tilskott til ressurskrevjande brukarar inntektsført på fellesutgiftene for helse og omsorg. Tidlegare er desse inntektsført ilag med frie disponible inntekter. Vi forventar at desse inntektene vert 32,0 mill. kr i 2020.
- For å få budsjett i balanse er det føresett ei innsparing på 1,3 mill. kr.

Meldte behov

- Det er auka etterspørsel etter heimetenester (heimesjukepleie).
- Fortsatt press på institusjonsplassar, men litt varierende gjennom året.

Endringar samanlikna med budsjett 2019

- Budsjett 2019 var nok underbudsjettet på ein del poster, spesielt tillegg for kveld, natt og helg. Dette er prøvd retta opp i budsjett 2020.
- Ekstrahjelp og overtid er kraftig redusert i forhold til forbruk i 2019, kanskje urealistisk mykje.
- Kjøp av tenester til legevakt og akutt døgnplassar er auka tilsvarende lønsauke, når budsjett vart utarbeidd har vi ikkje fått budsjett frå Nye Ålesund.

Meldte konsekvensar

- Budsjettet er stramt, på grensa til urealistisk, og vert vanskeleg å halde.
- I tillegg er det føresett ei innsparing på 1,3 mill. kr. På det tidspunkt budsjettet vart utarbeidd er det ikkje klart korleis denne summen skal fordelast og kva tiltak ein kan iverksette.

8.3.10 Bu- og habiliteringstenestene

Alle tal i 1000 kr	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2020		
	2 018	2 019	Utgifter	Inntekter	Netto
Vestneshaug	4 939	5 599	7 125	277	6 848
Dagtilbud Strandbo	7 620	6 903	8 042	1 486	6 556
Plassen	5 413	1 529	0		0
Avlastningstiltak PU over 18 år	1 300	1 282	1 284	20	1 264
BPA	1 809	1 993	2 078		2 078
Myrateigen	2 366				0
Skogheim	8 390	8 981	9 509	417	9 092
Skogvegen	8 250	8 907	10 886	386	10 500
Solstua	7 040	7 240	7 735	341	7 394
Skogly	4 512	4 860	5 196	216	4 980
Liaråket	13 360	15 427	18 318	546	17 772
Bakketun,	13 788	14 395	14 762		14 762
Kariplassen A	19 153	19 358	20 824	887	19 937
Furulia	7 284	7 280	6 678	266	6 412
Kariplassen B	23 804	25 045	8 632	350	8 282
Kariplassen C	0	0	10 656	420	10 236
Steinrøysa	0	0	8 222	335	7 887
Administrasjon	3 821	5 253	5 101		5 101
Redusert kjøp av stall tenester			-650		-650
Redusert ramme/sparetiltak			-2 600		-2 600
Sum bu- og habilitering	132 849	134 052	141 798	5 947	135 851

Opplysningar

- Budsjettet byggjer i hovudsak på bemanning og ressursbruk fastsett i enkeltvedtak, difor vanskeleg å redusere rammene mykje.
- Bu- og habiliteringstenestene har dei fleste av ressurskrevjande brukarane i kommunen. Fleire av desse har auka ressursbruk i løpet av 2019 noko som fører til auka utgifter og heilårsvirkning i 2020. Nokre etter at Fylkesmannen og fagteam har vore inne og kravd auka tenestetilbod.

- I denne eininga har vi lagt inn ein årleg reduksjon på 2,6 mill. kr, det tilsvarer den reduksjonen vi får i vertskommunetilskotet pr. år. Eininga må i løpet av året finne tiltak for å dekke dette.
- Tidlegare år har vi føresett nedlegging av bueining når det vert ledige husvære. Dette krev mykje planlegging med flytting av brukarar og personale. Det har vist seg at det kan både være vanskeleg, ta tid og ikkje alltid gitt den økonomiske effekten vi føresette.
- Eit alternativt tiltak kan være at husvære som vert ledig skal stå tom i ein lengre periode og det skal **ikkje** takast inn nye bebuarar, i staden redusere personalressursbruken så mykje som mogeleg.
- Eininga bruker mykje i **overtid**. I 2018 3,3 mill. kr, og i år kanskje 4,5 mill. kr, i tillegg kjem sosiale utgifter. Det er nokre få bueiningar som har mykje overtid. Vi føreset at eininga set i verk tiltak slik at desse utgiftene vert kraftig redusert. Eininga må også vurdere alternative turnusordningar. Det er budsjettert med 2,3 mill. kr i overtid i 2020, dvs ein kraftig reduksjon frå dagens forbruk.
- Det er budsjettert med over 1,3 mill. kr til kjøp av tenester frå private drivarar av stall tilbod. Dette må reduserast, vi føreset ei halvering av budsjettsum.
- Bueining Plassen vart lagt ned i 2019.

Meldte behov:

- Eininga har gitt tilbakemelding om at det er fleire unge som innan kort tid treng butilbod og meir teneste.
- Rekruttering av personale med rett kompetanse kan være ei utfordring.
- Mange tvangsvedtak krev mykje tid til saksbehandling, dokumentasjon og opplæring.
- Vert også peikt på utfordring med nye brukargrupper, unge med ulike behov. Også aldringsproblematikk som også kan gje auka ressursbehov.

Endringar samanlikna med budsjett 2019:

- Ant. brukarar innanfor ansvarsreforma vert, ved naturleg avgang, redusert kvart år. Pr. i dag er det nokre få ledige husvære fordelt på fleire bueiningar. Desse skal stå tom til vi kan få til ei flytting og nedlegging av bueining.
- I budsjett 2020 har vi redusert ramma med vel 3,2 mill. kr

Meldte konsekvensar:

- Grunna at ledige husvære må stå tom utan å kunne ta inn nye brukarar vert ein konsekvens at unge brukarar som står på vent for å få bustad ikkje kan få dette.

8.3.11 Eigedomsdrift

Alle tal i 1000 kroner	Budsjett 2 019	Budsjett		
		2020 Utgifter	Inntekter	Netto
Kommunale bygningar	3 063	17 050	13 395	3 655
Kommunale utleigebygg	-38	1 937	2 163	-226
Kommunale utleigebygg PU	-2 776	2 018	4 907	-2 889
Kommunale omsorgsbustadar	-1 493	1 436	2 688	-1 252
Drift av Myra området	762	4 499	4 562	-63
felleskostnader vaktner m.m.	1 791	3 651	501	3 150
Kommunale bustad/industriområde	-63	229	292	-63
Administrativ leing	1 715	888	200	688
Sum	2 961	31 708	28 708	3 000

Opplysningar:

- Dette området omfattar all kommunal bygningsmasse og vaktmeistereneste. Det gjeld PU bustadar, omsorgshusvære, kommunale utleigehusvære, kommunale bygningar som t.d. skular, helseinstitusjonar, kommunehus.
- Eininga har stor omsetning, vel 30 mill. kr pr år. Det meste av utgiftene vert dekkja av husleigeinntekt, både ekstern og intern.
- Difor berre eit netto budsjett på 3,0 mill. kr i 2020.

Meldte behov:

- Ein har fått gjort mykje vedlikehaldsarbeid/oppgradering av kommunale bygg og eigedom siste åra, men eininga peikar på at det framleis er stort vedlikehaldsetterslep.
- Det burde vore løyvd meir til vedlikehald, men vi har ikkje funne økonomisk rom til det. Det vert berre det mest nødvendige av vedlikehald ein har budsjett til å kunne utføre.

Endringar samanlikna med budsjett 2019:

- Tidlegare år vart eininga belasta med avdrag og renter på til saman 26,0 mill. kr. Dette slutta vi med frå 2019 då det har liten hensikt, og er berre med å blåse opp budsjett/rekneskap.
- Budsjett tilsvarer om lag som 2019, kun korrigert for løns- og prisauke.

Meldte konsekvensar:

- Får ikkje utført alt vedlikehaldsarbeid ein meiner er nødvendig.

8.3.11 Tekniske tenester

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2020		
	2 018	2 019	Utgifter	Inntekter	Netto
Administrasjon	764	772	772	253	519
Oppmåling	684	11	949	855	94
Plan- og bygning	108	709	2 454	1 800	654
Landbruk	1 556	1 614	1 865	287	1 578
Avløpsnett	812	20	9 229	9 222	7
Renovasjon hushaldning	54	0	8 007	8 007	0
Slamtømming	-103	-1	1 947	1 947	0
Brannvern	5 598	5 408	5 812	200	5 612
Feiarvesen	104	-11	1 099	1 099	0
Parkvesen	1 222	1 524	2 351	739	1 612
Kommunale vegar	4 891	5 830	6 472	663	5 809
Sum tekniske tenester	15 690	15 876	40 957	25 072	15 885

Ramma til tekniske tenester er 15,8 mill. kr. Budsjett vert justert ned til det.

Opplysningar

- Også tekniske tenester har stor aktivitet; rundt 40,0 mill. kr pr år. Mykje går på avgiftskapittel som vert dekkja av kommunale gebyr eller i eigne prosjekt med prosjektrekneskap. Difor er netto budsjett berre på vel 15,0 mill. kr.
- Dei største netto utgiftene er brannvern (5,4 mill. kr), vedlikehald av kommunale vegar og parker/grøntareal (6,7 mill. kr).

Meldte behov:

- Framleis stort behov for vedlikehald og utbetringar på kommunal infrastruktur. Omfanget er framleis større enn budsjettet gjev rom for.
- Meir digitalisering for å gjere oppgåver meir effektive, og gjere det enklare for innbyggjarane, søkarar og andre.
- Liten organisasjon med få tilsette samanlikna med kommunar i same storleik. Difor vert dei ulike fagmiljøa også små og sårbare for endringar.
- Innlemme kommunale tekniske anlegg, drift og vedlikehald i Vågstranda/Hjelvika frå 2021 vert ei ny oppgåve i 2020.

Endringar samanlikna med budsjett 2019:

- Budsjett tilsvarende om lag som 2019, kun korrigert for løns- og prisauke.

Meldte konsekvensar:

- Vert reduserte tenester på fleire av dei områda tekniske tenester har ansvar for dersom budsjetttramma vert redusert.

8.3.12 Driftsbudsjett 2020 - Budsjettskjema

Skjema 1A – driftsbudsjett 2020

Skjema 1 A drift	Budsjett	Budsjett	Rekneskap
Alle tal i 1000 kr	2 020	2 019	2 018
Skatt på inntekt og formue	203 700	199 000	190 674
Rammeoverføring	186 400	179 700	168 001
Eigedomsskatt	20 500	20 000	19 574
Andre generelle statstilskott			
- vertskommunetilskott	105 500	104 750	104 495
- Komp eldreutb/skule m.m.	10 500	11 500	12 961
- andre tilskott	8 000	1 400	6 682
- Asyl og integreringstilskott	1 500	1 500	1 555
Sum frie disponible inntekter	536 100	517 850	503 942

Renter og utbytte	4 700	5 500	4 892
gevinst finansielle instrument		20	2
renteutg. Provisjoner m.m.	-7300	-9700	-6988
Tap finansielle instrument			-19645
Avdrag på lån	-24800	-21000	
Netto finansinnt/utg.	-27400	-25180	-21739

Dekking av tidl. Års meirforbruk			
Til ubundne avsetningar		-1616	-8 763
Til bundne avsetningar		-869	-3 224
Bruk av tidl års mindreforbruk		1616	4 163
Bruk av ubundne avsetningar			
Bruk av bundne avsetningar		3027	2 470
Netto Avsetningar		2158	-5 354

Overført til investeringsbudsjettet			
Til fordeling drift	508 700	494 828	476 849
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	508 700	494 828	474 903

Meir (-) /mindreforbruk	0	0	1 946
-------------------------	---	---	-------

Skjema 1B – driftsbudsjett 2020

Rekneskapsskjema 1B - drift 2020		Budsjett	Budsjett	Rekneskap
Eining Alle tal i 1000		2020	2019	2018
1	Politisk verksemd	6 996	7 058	6 565
2	Sentraladm/servicektr/fellesutg.	33 344	30 055	25 317
3	Grunnskule	85 539	86 408	85 057
4	Barnehage	45 658	43 685	42 205
5	Kulturskulen, kultur og fritid	16 413	15 525	14 751
6	Kvalifisering og integrering	9 500	9 487	8 954
7	Barn, ungdom og familie	21 830	22 552	19 814
	Barnevern	14 500	15 555	12 589
8	Helse, omsorg og velferd *	146 847	141 921	139 540
9	Bu- og habiliteringstenestene	135 850	134 053	132 851
10	Eigedomsdrift	3 000	2 960	3 975
11	Teknisk sektor	15 800	15 877	15 708
12	Kjøp tenester Tremek	2 420	2 500	2 270
13	Avsatt til lønsauke 2018	-4 000		
14	Kalkulatoriske inntekter	7 000		
Sum bruk av midlar		540 697	527 636	509 596
' eks. tilskott ressurskr. Brukar				

9. Investeringsbudsjett 2020

9.1 Innleiing

- I perioden fram til 2016 var det etter forholda liten auke i lånegjelda, nye lån var ikkje så mykje høgre enn betalte avdrag.
- Frå 2016 har lånegjelda auka mykje, vi har hatt fleire større byggjeprojekt, nemner Tomrefjord idrettsbygg, Buktavegen og Sjøfronten.
- Lånegjelda til Vestnes kommune vil auke svært mykje i kommande år, nytt helse- og velferdssenter vil krevje låneopptak på 234,0 mill. kr og bygg/rehabilitering av skulebygg vil krevje store låneopptak.
- Vi kan komme i den situasjonen at lånegjelda vår vert så stor at vi kan få problem med å få godkjent opptak av nye lån.
- Administrasjonssjefen meiner difor at vi i kommande år bør redusere investeringar til andre tiltak slik at vi ikkje må ta opp nye lån meir enn det vi nedbetaler i årlege avdrag. Vert difor streng prioritering av tiltak.

9.2 Tidlegare unytta løyvingar

Ein del av investeringsprosjekta som det er gitt løyving til i 2019 vert ikkje ferdige i år. Nokre få vert heller ikkje oppstarta i år.

Årsaka til dette er at ein i nokre tilfelle ikkje er ferdig med planlegginga eller at ein ikkje har hatt kapasitet til å prosjektere ferdig tiltaka. Men det kan og være at anbuds- og innkjøpsprosessen tek lang tid. I ein del tilfelle kan det være vanskeleg å få entreprenørar til å utføre arbeid så raskt som ein har tenkt.

Når rekneskapen for 2019 er avslutta vil det i kommunestyremøte på nyåret bli lagt fram sak med framlegg om kva unytta løyvingar/prosjekt som skal overførast til 2020.

9.3 Framlegg til investeringstiltak i 2020

Administrasjonssjefen rår kommunestyret til å gjere følgjande investeringar: (tiltaka er **ikkje** prioritert, nummereringa er kun av praktiske årsaker)

	Føreslåtte prosjekt	Antyda kostnad	Løyving 2 020
1	Sentralkjøkken, rehabilitering	5 000 000	5 000 000
2	Senior Plaza, møbler og gardiner	400 000	200 000
3	Kulturskulen, planlegging av nye lokaler	250 000	150 000
4	Bustad Myrateigen, ferdigstilling	1 600 000	800 000
5	Eigedomsavdelinga, ny bil	400 000	200 000
6	Grunnskule og barnehage, IKT utstyr PC og nettbrett	500 000	300 000
7	Steinrøysa, opparbeiding av uteområde	150 000	150 000
8	Legesenteret, div utstyr	112 000	112 000
9	Trygghetsalarmer, utskifting	850 000	850 000
10	Kontor korttidsavdelinga	600 000	600 000
11	Kulturskulen, interaktiv nettstad	200 000	200 000
12	Hellandtunet, stoler og seng	300 000	200 000

13	Nav, ombygging - sikkerheitstiltak	500 000	500 000
14	Tomrefjord kunstgrasbane,	1 800 000	1 800 000
15	Helland skule, inventar og utstyr	650 000	400 000
16	Misfjordskogen industriområde, restløyving	1 200 000	1 200 000
17	Buktavegen, sluttløyving	3 000 000	3 000 000
18	"Fjerde armen" med rasteplass og parkeringsplass	4 500 000	1 500 000
19	Gatelys på industriområde og, kommunal veg TS-tiltak: Busstopp m/venteskur X Brastadstranda-	1 600 000	400 000
20	Skorgeviksvegen TS-tiltak: MC - og HC-parkering, omlegging fortau ved	228 000	228 000
21	hurtigbåtkaia	295 000	295 000
22	Bil - til bruk for tenesteoppdrag (Teknisk inne)	300 000	300 000
23	Asfaltering og opprusting av kommunale vegar	4 000 000	2 000 000
24	Revisjon/ny «Hovudplan for vassforsyning»	150 000	150 000
25	Avløp	5 000 000	3 500 000
26	Telefoni, kommune TV	2 000 000	1 500 000
27	IKT - ROR	1 382 000	1 382 000
28	Eigenkapitalinnskudd KLP	2 600 000	2 600 000
	Sum ordinære investeringar	39 567 000	29 517 000

9.4 Finansiering

Samla er det føreslått investeringar for vel 29,5 mill. kr.
Tiltaka er føreslått finansiert slik:

	Sum
Låneopptak	19 940 000
Momsrefusjon	5 900 000
Sal av eigedom	2 600 000
Spelemidlar	500 000
TS- tilskott	262 000
NAV, tilskott til ombygging	315 000
	29 517 000

- I økonomiplanen har administrasjonssjefen føresett at det ikkje vert teke opp lån til investeringar på meir enn 20,0 mill. kr pr. år. Vi må redusere låneopptak mest mogeleg i åra som kjem for å få rom for å ta opp lån til utbygging/rehabilitering av skulebygg.
- Eigenkapitalinnskott i KLP er føresett dekkja av salsinntekter frå tomter eller sal av eigedom som ikkje er lånebelagt.
- I tillegg til nemnde låneopptak må vi ta opp meir lån til å finansiere overskriding på rehabilitering av Tomrefjord idrettsbygg, antyda 8,0 mill. kr. Det kjem som eiga sak i 2020 når byggjerekneskapen vert lagt fram.

9.5 Kommenterar til investeringane

1. Sentralkjøkken, rehabilitering **kr 5.000.000,-**

I 2017 blei Norconsult engasjert for å utarbeide ei tilstandsvurdering av sentralkjøkkenet. Det er behov for å utbetre tidlegare feil og manglar, nytt kjølerom og fryserom. Norconsult har prissett arbeidet til kr 2,5 mill. kr. + mva.

Vi foreslår å auke denne summen til 5,0 mill. kr inkl. mva. – vi må mellom anna sjå på ventilasjon/kjøling av arbeidslokale. Dette er ikkje med i overslaget frå Norconsult.

Dette tiltaket vart utsatt i budsjett 2019 grunna at det var komme signal frå sentrale myndigheiter om at det skulle komme tilskottsordning til rehabilitering av institusjonskjøkken i 2020.

Truleg vil ikkje dette arbeidet falle inn under det som vert gitt tilskott til. Arbeidet bør gjerast i 2020 slik at det er ferdig til Helsehuset Stella Maris er ferdig.

Det vil krevje mykje planlegging, kjøkkenet vert stengt i rehabiliteringsperioden og i tillegg til det bygningsmessige må ein også få leveranse av mat frå eksterne m.m.

2. Senior Plaza, møblar og gardiner **kr 200.000,-**

På dette bygget er møblar og gardiner frå då bygget var nytt. I 2019 har vi fjerna ein god del utslitte møblar frå fellesareal. Vi har forsøkt å møblere på nytt med det som vi har tilgjengeleg. Det er behov for nye møblar som er meint brukt til slike fellesareal, dvs. at dei må vere praktiske å handtere og bruke, og lette å halde reine.

Behovet er oppgjeve til kr 400.000,-. Vi foreslår ei startløyving i 2020, og resten seinare.

Tiltaket vil vere med å sikre trivsel for bebuarane på Senior Plaza.

3. Kulturskulen, planlegging av lokaler **kr 150.000,-**

Administrasjonen skal no vurdere om det som vert att av areal i noverande sjukeheim kan brukast til framtidige lokaler for Vestnes kulturskule. Vurderingane vert gjort av ei intern arbeidsgruppe, men vi må engasjere konsulentfirma til å gjere ein del beregningar m.a. kva som må gjerast for å få tilfredstillande akustiske lokaler.

4. Bustad Myrateigen, ferdigstilling **kr 800.000,-**

Dette er bustad som eining barn, ungdom og familie disponerer. Det er husvære som skal tilpassast aktuelle brukarar. Eit husvære er ferdig, og resten må ferdiggjerast.

Arbeidet har tidlegare vore ute på anbud, men konkurransen blei avlyst då dette blei dyrare enn det vi først rekna med. Vi veit ikkje kva ein ny konkurranse vil føre til, så her må vi ta høgde for ein høgare pris.

Tenesta har behov for at lokala blir ferdigstilt slik at dei kan bruke dei.

Eigedomsavdelinga har antyda ein kostnad på 1,6 mill. kr for å ferdiggjere alt. Vi rår til løyving over to år.

5. Eigedomsavdelinga, ny bil **kr 200.000,-**

Eininga har behov for å erstatte tre av bilane til vaktmeistrane. Bilane blir nytta i det daglege og til som vaktbil for vaktmeistertenesta (teknisk vakt). Ein av bil er over 20 år og så godt som nedslitt. To av bilane har skadar/manglar som det vil koste for mykje å utbetre.

Rår til å starte med utskifting av ein bil i 2020, og resten seinare år. Skulle det skje ting med bilane som gjer at ein evt. må til med større reparasjonar må vi vurdere omdisponering av midlar og utskifting av fleire bilar i 2020. Dette for å unngå reparasjonar som ikkje er lønnsame.

6. Grunnskule og barnehage, IKT utstyr, PC og nettbrett **kr 300.000,-**

Vi har over fleire år løyvd store summar slik at vi kan oppruste med IKT utstyr, PC og nettbrett i grunnskulen både til elevar og lærarar. Det er no kjøpt inn klassesett som dekkjer det meste av behovet.

Står att noko til skulane og barnehagane. Seinare år når ein må til med utskifting av eldre utstyr må nok dette truleg dekkast over drifta.

7. Steinrøysa, opparbeiding av uteområde **kr 150.000,-**

Tilrettelegging av uteområde for ein brukar som måtte flytte frå sitt husvære grunna at det var sterkt ynskje frå kommunen si side å få disponere det til anna formål. I det husvære var det tilrettelagt uteområde og kravet for å godta flytting av at ein opparbeidde tilsvarande uteområde.

8. Legesenteret, div utstyr/inventar **kr 112.000,-**

Diverse utstyr/inventar til eit legekontor, utstyr ein treng no. Elles vert utskifting av utstyr her utsett til ein skal inn i nye lokaler i helsehuset Stella Maris.

9. Tryggheitsalarmar **kr 850.000,-**

Utskifting av tryggheitsalarmar. Fornyng og utskifting av analoge alarmar
Beløp som er sett opp er etter tilbod som er gitt i tråd med rammeavtale.

10. Kontor kortidsavdeling **kr 600.000,-**

I heimetenestene er det sterkt behov for å få avdelt ein del av lokale til kontor. Dette for å gjere arbeidsforholda for dei som skal gjere «kontorarbeid» betre og meir skjærma.
Sum er eit anslag og byggjer ikkje på detaljert kostnadsoverslag eller anbud.

11. Kulturskulen, interaktiv nettstad **kr 200.000,-**

Kulturektoren er i gang med å utgreie «velkomstpakke» for nye innbyggjarar.
Det skal være ein interaktiv nettstad, som skal være inngangsporten for alle som er «ny i Vestnes». Den kan og brukast som turistinformasjon om Vestnes.
Kommunestyret fekk ei grundig orientering om tiltaket i dialogmøta hausten 2018.
Tiltaket fekk stor åtgåum og oppmoding om å fortsette med arbeidet.
Det vart løyvd kr 200.000,- i 2019, og lovt same sum i 2020.
Kontrakt på kjøpet er gjort og privat næringsliv, gjennom næringsforumet, vil dekke i underkant av kr 100.000,-.

12. Hellandtunet, stoler og senger **kr 200.000,-**

Einingsleiar melder at Ibartun treng seg nye spisestuestolar. Dei er gamle og utslitt. Dette er stolar som blir brukt store deler av dagen.
Alle tre avdelingane ved Hellandtunet har mange gamle pleiesenger. Ein del av dei er det ikkje råd å få deler til lenger, og nokre er tatt ut av sortement og ikkje lov å bruke på grunn av fare for klem skade. Det er behov for 11 nye sengar . Avdelingane har eldre og sjuke som er heilt avhengig av senger som fungerer, og funksjonar som hev senk må være intakt. Kvar seng kostar ca kr 25.000,-. Vi rår til ei løyving på kr 200.000,- i 2020, og så skal vi vurdere om dei seinare kan bruke noen av sengane som vert ledig når nytt helsehus vert teke i bruk.

13. NAV, ombygging sikkerheitstiltak **kr 500.000,-**

Av sikkerheitsgrunnar må det gjerast ei ombygging på NAV. Det er krav som vi som utleigar må ta. Nav stat dekker kr 315.000,- av kostnaden.

14. Tomrefjord kunstgrasbane **kr 500.000,-**

I tilstandsrapporten som våren 2019 vart utarbeidd av anleggskonsulent Jon Flesjå i idrettsforbundet, står det mellom anna:

«Kunstgresset er etter så lang tids bruk, inkludert vinterbruk og nødvendig snøbrøyting, i ferd med å bli veldig slitt. Det er også en betydelig skade i kunstgressmatten i målområdet i nordre del. Kunstgressmatten er flerret opp og dette må utbedres snarest for å gjøre spilleegenskapene på banen tilfredsstillende . Vi observerte en del mindre sår i skjøter og i målgård. Gresset hadde lagt seg, og fiberen begynner å splitte seg. Etterfylling av granulat har derfor liten effekt i forhold til å bedre spilleegenskapene.»

Og:

«En betydelig skade ned mot kortsiden mot nord/øst MÅ utbedres snarest. Det er en ekstra utfordring at fiberen nå begynner å bli slitt og har lagt seg, og risikoen for granulatflukt tiltar, noe som er et tiltakende miljøproblem.. Ref. spredning av mikroplast. Vi registrerte også at det ligger mye gummigranulat utenfor baneområdet. DETTE MÅ DET RYDDES OPP I.»

Bana fekk nok også ein del skadar i samband med rehabilitering av Tomrefjord idrettsbygg. I tillegg til sjølve banedekket er det ønske om å oppgradere til led- armatur på lysmastene, både med tanke på lysstyrke og energisparing. I tillegg kjem kostnadane til tiltak for å hindre granulatflukt. Dette er ikkje tilskotsberettiga. Her er det aktuelt med rister, granulatfangarar i kummar, og ein mur for å hindre at granulatet sprer seg til skråninga ned mot vegen. Samla kostnadsoverslag er 1,8 mill. kr . For rehabilitering av kunstgrasdekke (etter min. 10 år) er spelemiddeltilskottet 400 000 kr for 7'ar bane. For lysanlegg er maksimalt tilskott 100 000 kr. Vi reknar med kr 500.000,- i spelemiddeltilskott.

15. Helland skule, inventar og utstyr **kr 400.000,-**

Helland skule har behov for å gjere innkjøp av inventar og utstyr på klasserom barneskulen. Det er 1.-7.klasseromma som har eit stort behov for fornying. Bygget på barneskulen er langstrakt og det er behov både grunna logistikk og oppbevaringsplass for ei innreiing som gjer at både elevar og lærarar kan ha nødvendig utstyr på klasserom. Inventar som treng er nye skuffeseksjonar med hyller, høgskåp, hev/senk kateter, kontorstol/krakk klasserom, skjerm Brett for å lage ein gruppearbeidsplass på mellomsteget sidan vi manglar nok grupperom og mobilhotell (skåp til å låse inn mobiltelefonar i klasserom, spesialrom som t.d. mat og helse, hallen m.m.

Skulen skal hausten 2020 ta imot nye elevar frå Vågstranda. Det vil og i den forbindelse vere behov for å gjere meirinnkjøp for å ha nok oppbevaring til alle elevar på barneskulen.

Totalt kostnadsutrekning på kr 640.000,-
Vi rår til ei startløyving på kr 400.000,- i 2020.

16. Misfjordskogen industriområde, sluttløyving **kr 1.200.000,-**

Dette er restløyving til ferdiggjering av industriområdet. Feltet ferdig, men manglar asfalt. Utbygginga fekk overskriding m.a. grunna meir masseutskifting, lys var ikkje med i kostnadsoverslaget og heller ikkje kjøp av grunn.

17. Buktavegen, sluttløyving **kr 3.000.000,-**

Prosjektet starta i 2016. då forventa ferdigstilling i løpet av 2019. I 2016 vart det antyda ein kostnad på 17,6 mill. kr for heile prosjektet. Arbeidet har gått over fleire år og det er i åra 2016 – 2019 løyvd knappe 20,0 mill. kr, og må ha ei restløyving i 2020. Dette er eit stort prosjekt (i vår målestokk) med ein del usikre faktorar. Det er nokre ting som ein ikkje forutsåg godt nok før vi starta:

- Stadvis var det dårlegare massar i den gamle vegen enn antatt, noko som fører til betydeleg meir masseskifting.
- Større tilpasningar til eksisterande avkøyrslar og heving av fleire garasjer (nedsida) på grunn av at vegen blir breiare og delvis høgare i terrenget.
- I tillegg har det blitt betydeleg meir muring (øvre side).

Vi avset 3,0 mill. kr som restløyving til prosjektet, og reknar då med at det vil være ferdig finansiert. Det vert lagt fram eig sak med byggerekneskap våren 2020.

18. «Fjerde arm i rundkøyringa» **kr 1.500.000,-**

Er gitt ei løyving på 3,0 mill. kr i 2019. Arbeidet er ikkje starta enno. Viser her til sak KST 100/2019 i møte 03.10.19 der kommunestyret vart orientert om prosjektet.

I tillegg til avkjørsel frå rundkøyringa er det og vurdert å byggje parkeringsplass ved idrettsbana, rasteplass, bubiloppstillingsplass og toalett- og bubilømmeløysing

Samla kostnadsoverslag 8,4 mill. kr, då er toalett- og bubiltømmeløysing (0,9 mill. kr) medteke
Det er mogeleg med ei trinnvis utbygging.
Administrasjonssjefen rår til at ein i første omgang prioriterer sjølve avkjørsla og
parkeringsplass. Samla sum 4,5 mill. kr, det krev ei løyving på 1,5 mill. kr i tillegg til årets
løyving.

19. Gatelys på industriområde, Trohaugen **kr 400.000,-**
I industriområde som no vert planlagt og bygt er det også med gatelys. I eldre felt er dette ikkje
med. Spesielt frå dei som har etablert seg på Trohaugen industriområde er det komme ynskje
om å få gatelys.
Antyda kostnad kr 800.000,-. Vi rår til at det vert avsatt kr 400.000,- i 2020 og restløyving i
2021.

20 og 21 To trafiksikkerheitstiltak **kr 523.000,-**
Gjeld bussstopp med venteskur i krysset Brastadstranda/Skorgevikvegen og MC og HC
parkering og omlegging av fortau på hurtigbåtkaja.
Her er det søkt om 50 % tilskott frå Fylkeskommunen.

22. Bil – til bruk for tenesteoppdrag (tekniske tenester) **kr 300.000,-**
Bil som tilsette på kommunehuset kan bruke på tenesteoppdrag, noverande bil som i
utgangspunkt tekniske tenester disponerer er no utslitt.

23. Asfaltering og opprusting av kommunale vegar **Kr 2.000.000,-**
Fortsatt stort behov, - både bygdevegar og «byggefeltsvegar». Kostnader til forarbeid før
Asfaltering, slik som oppgradering av stikkrenner m.m. vert også dekt her. Dette inkluderer
også trafikktryggingstiltak som fartshumpar og skilting. Med dagens investeringstakt (2 mill pr
år) vil vi ikkje kunne halde dei kommunale vegane med asfaltdekke.

24. Revisjon/ny «hovudplan for vassforsyning **kr 150.000,-**
Kommunen er ansvarleg for vassforsyning i kommunen, i vår kommune er det private vassverk
som utfører denne tenesta.
Eksisterande plan er gammal og utdatert. Sidan planen vart laga har det skjedd mykje innan
vassverksektoren. Fleire vassverk er fusjonert og det er samarbeid mellom andre. Kommunen
manglar ein del reserveløysingar for vassforsyninga.
Det er stort behov for oppdatering av planen. Dei private vassverka må delta i dett arbeidet.
Må leige inn konsulent til å hjelpe til med arbeidet.

25. Avløp **kr 3.500.000,-**
Vi har fått utført mykje innanfor dette feltet dei siste åra, men det står enno att fleire
prosjekt: slamavskiljar i Skorgen er ikkje fullført, slamavskiljar i Fiksdal i forbindelse med
bustadfeltutbygginga, ny pumpestasjon på Helland (Sjøgata) – delvis utført, oppgradering
av ledningsnett i store deler av Heenfeltet, slamskiljar Rekdal, Langstein
Tidlegare år har det vore løyvd 5,0 mill. kr til avløpssektor, reduserer til 3,5 mill. kr i 2020. Får
ikkje gjort alt som står på lista, men likevel vil løyvinga dekke mykje.

26. Telefoni, kommune TV **kr 1.500.000,-**
Vestnes har telefonsentral som er basert på Nortel CS 1000. Dette systemet vert ikkje
vidare utvikla og retta feil på frå våren 2019. Vi må difor over på ny telefonløysing.
Sentralborda på legesenter og legesenter må skiftast, alle fasttelefonapparat må skiftast og all
telefon går over på mobilnett.

27. IKT – ROR **kr 1.382.000,-**
Kommunestyret vedtok i sak KST 43/13 og gå inni eit forpliktande langsiktig og strategisk IKT-
samarbeid i Romsdal frå 01.01.14.
I tillegg til årlege driftskostnadar er dei også ansvarleg for nyinvesteringar på
dataanlegga til samarbeidskommunane.
Vestnes kommune sin andel av investeringane 11,5 mill kr i 2020 er knappe 1,4 mill. kr.

For 2020 nemner vi nokre av dei største prosjekta: Sak/arkiv, Min side-innbyggjarportal, beredskapsplattform, revisjon av trådløse nettverk.

28. Eigenkapitalinnskott i KLP

kr 2.600.000,-

Pensjonsfonda i KLP aukar, og det er behov for å auke eigenkapitalen frå kommunane.

Reknar med at Vestnes sin andel vert ca. 2,6 mill. kr i 2020.

Kapitalinnskott kan ikkje finansierast ved låneopptak, vi føreset at vi i løpet av neste år får solgt eigedommar, som ikkje er låneopptak på, slik at salsinntektene kan finansiere dette. Dersom ikkje må vi dekke det ved bruk av disposisjonsfond.

6.6 Tiltak som ikkje er prioriterte eller er klare til investering

Det er nok ynskje frå einingsleiarane om langt fleire investeringstiltak enn det administrasjonssjefen har funne rom til å prioritere.

Administrasjonssjefen har som nemnt innleiingsvis gjort ei streng prioritering av kva tiltak som vert prioritert i 2020.

Av større tiltak som ikkje er prioriterte eller som er krev store investeringar seinare år, nemner ein m.a. (lista er ikkje fullstendig):

Prosjekt	Antyda kostnad
Kjøkkenbygg Myra, vindu og dører	700 000
Reservekraft Myra,	4 000 000
Kartleggingsrapport for Strandbo	250 000
Hjertebo/Stokkhaugen, rehabilitering	6 000 000
Kråkvik bustadar, takreparasjon	1 500 000
Tomrefjord barnehage, asfaltering	
Helland skule, mange tiltak	
Myra kulturbygg, takreparasjon m.m.	3 000 000
Bu- og hab., oppgradering husvære	1 000 000
Solstua, tilrettelegging for dagtilbud	
Skogvegen, kontor og møterom	
Tomrefjord skule, oppgradering uteområde	
Tomrefjord skule, renovering ungdomsskulefløya	
Tomrefjord skule, markiser	
Tomrefjord barnehage, uteleiker	600 000
Bustadfelt i Tresfjord sentrum	
Bustadfelt i Fiksdal, kommunal andel	
Bustadfelt i Tomrefjord (Tuen), kommunal andel	
Bustadfelt i Skorgen (Skorgevik3)	
Syltebakken	
TS-tiltak: Innkjøp av 3 stk busskur - plassering etter aktuelt behov	415 000
Bil - grønt/vedprod./m.m.m.	200 000
Brann, ny sjåførvaktbil	550 000
Brann, vaskemaskin og tørketrommel	200 000
Grøntaksen/leikeplassar - fullføring	
Kataholmen	
Veglys Trohaugen - Vik	2 700 000
Gatelys Fiksdalstrand	1 450 000
Fiksdal kyrkje, automatisering ringeanlegg	320 000
Kyrkjene div. rep	180 000
Bustadar Kråkvik, takteking	1 500 000

Kjøkkenbygget Myra, Vindu og dører

Antyda kostnad kr 700.000,-.

Det er no berre vindaug og dører i ytterveggar som ikkje er skifta på bygget. Taket vart skifta for nokre år sidan og framstår no som nytt, bordkledning er impregnerert og godt vedlikehald.

Ved regnvêr kjem det no inn vatn fleire plassar gjennom øydelagde vindaug, og solskjerminga er defekt. For å sikre bygget mot vasskadar som følgje av vassinntrenging, ynskjer

eigedomsavdelinga no til å byte vindaug. Samstundes kan ein og då skifte solskjerming på den sydlege fasaden. Vi fann ikkje å kunne prioritere dette i 2019, og prioriterer det heller ikkje i 2020, set det på vent til 2021.

Bustadfelt

Tekniske tenester peikar på at det kan være aktuelt med byggjefelt både i Bårdsnesosen, Skorgevik og Tresfjord.

Administrasjonssjefen vil ikkje prioritere det no, men dersom det i løpet av året skulle vise seg at det vert stort behov tomter på desse plassane vil ein komme tilbake med sak på det i løpet av året.

Veglys Fiksdalstranda og Trohaug Vik

Antyda kostnad kr 1.450.000,- og kr 2.700.000,-

Det har kome innspel frå private om å få løyvd midlar til veglys på Fiksdalstranda.

Vestnes AP la i planutvalet den 25.juni 2019 fram følgjande oversendingsframlegg:

«Planutvalet ber Formannskapet legge fram sak om trafikktryggingstiltak, gatelys Trohaugen-Krogbakken fylkesveg 661, snarast.»

Framlegget frå Vestnes AP vart samrøystes vedteke.

Formannskapet behandla saka i sak FSK 60/2019 og gjorde følgjande vedtak:

Sak om veglys Trohaugen – Krogbakken blir teke med vidare til budsjettbehandlinga for 2020.

Administrasjonssjefen finn ikkje rom for å prioritere gatelys.

Reservekraft på Myra

Kostnad 4,0 mill. kr.

Eksisterande aggregat er gammalt og har ikkje nok kapasitet til å forsyne dei bygga som har behov for reservekraft. Start/stopp og prioritering av last må gjerast manuelt. Hovudtavla er gammal og utdatert og tilfredsstillar ikkje notidas krav til komponentar og avdekning. Norconsult AS har vore innleigd til å vurdere behovet og sett på moglege løysningar i forhold til reservekraft på Myra. Norconsult har berekna at det er et effektbehov på ca. 570kW. Drifta for aggregatet er vurdert og det vil være behov for ein drivstofftank på 3000 liter. Hovudtavla må bytast, og det vil bli behov for meir areal for å få plass til eit aggregat av denne sorten. Det er foreslått ein løysning med komplett aggregatinstallasjon montert i ein container som blir løfta på plass på ønsket sted. Dei bygga som er prioritert for dette anlegget er pu-bustader, institusjonar og barnehage.

Finn ikkje rom for å prioritere dette, men er likevel eit av dei tiltaka som må prioriterast snart.

Kartlegging/rapport om riving av Strandbo

Kostnad kr 250 000,-.

Bygget står til nedfalls. Eining for eigedomsdrift har no sett opp gjerde rundt bygget for å hindre hærverk eller at nokon skadar seg på bygget. Ein er kjent med at bygget har miljøgifter, og det er nødvendig å få ei nærare kartlegging av kva rivekostnader vil vere.

Hjertebo/Stokkhaugen

Eigedomsavdelinga peikar på at det er eit sterkt behov for oppgradering av denne bygningen om huset framleis skal brukast til utleige. Taket lek på fleire plassar, og av erfaring frå bygg med liknande takkonstruksjonar, veit at ein mest sannsynleg vil finne råteskader i opplekking og undertak. Vindu, ytterdører og veggjar treng og oppgradering. Med tanke på det byggematerialet som blei brukt då bygget blei oppført så vil det vere miljømessige utfordringar med dette bygget. (Det gjeld uansett om ein rehabiliterer bygget eller riv det.)

Administrasjonssjefen vurderer at dette ikkje er ein bygning ein skal bruke pengar på å rehabilitere. Kostnaden vert høg og bruksverdien er for liten.

Taktekking Kråkvika 12, 16, 18 og 20 (Utleigebustadar)

Når taket vart skifta ein gong på 80-tallet, vart dette gjort svært mangelfullt. Taka lek på fleire plassar og på dei fleste mørkeloft står det no oppsamlingsskar for regnvatn. Den gamle eternittekkinga vart fjerna, men restar etter gammal eternit ligg framleis igjen under ny tekking. Eternit inneheld som kjent asbest, så her må ein til med asbestsanering før ein kan gå i gang med ny tekking.

Dette burde vore prioritert i 2020, men vert utsatt til 2021. Tiltaket er likevel så viktig at eigedomsavdelinga kan starte med å planlegge arbeidet og klargjere anbudsdokument. Då er alt klart dersom det vert løyving i 2021.

Myra kulturbygg, takreperasjon

Takstein har losna, og taket bør etter kvart reparerast. Det må også gjerast noko med inngangspartiet. Det må leigast inn eksterne til å vurdere tilstanden på bygget og kor omfattande takreperasjon ein må til med. Utbetringsarbeidet må også eksterne gjere. Det bør gjennomførast ei grundig vurdering på kor mykje arbeid som skal gjerast og kostnadsoverslag før vi prioriterer midlar til prosjektet. Tidlegare erfaring med reperasjon på eldre bygg tilseier at arbeidet og kostnaden ofte vert lagt høgare enn rekna med når arbeidet først er sett i gang.

Løyvingar til tiltak og rehabilitering av skular

Det er kome mange framlegg om tiltak innan grunnskulen.

Administrasjonssjefen har ikkje prioritert noko tiltak innan grunnskulesektoren i 2020.

Bakgrunn for dette er at kommunestyret enno ikkje har gjort vedtak om framtidig skulestruktur og kva bygg som skal rehabiliterast. Mange av tiltaka som er nemnt vil naturleg gå inn i rehabiliteringstiltak som vert gjort seinare.

Tiltak barnehagar

Det er kome fleire ynskje om investeringar i barnehagesektoren, det gjeld både uteområde og inventar og utstyr både inne og ute.

Vi har prioritert etter forholda, mykje løyving til barnehagane dei seinare år. Finn difor ikkje å kunne prioritere tiltak her i 2020.

Vestnes kyrkjelege fellesråd

har kome med framlegg om å få løyving til ringeanlegg i Fiksdal kyrkje og løyving til ymse vedlikehaldsarbeid som t.d. maling.

Kyrkjesektoren har fått løyving til investeringar stort sett kvart år, og ein del store tiltak. Finn difor ikkje å kunne prioritere tiltak her i 2020.

9.7 Budsjettskjema 2A – investering

Alle tal i 1000 kr	Budsjett 2 020	Budsjett 2 019	Rekneskap 2 018
Investeringar			
Investering i anlegsmidler	26 917	287 720	139 262
Utlån og forskotteringar	2 600		3 490
Kjøp av aksjar og andelar		2 600	2 667
Avdrag på utlån			1 060
Dekking av tidlegare års udekka		27 104	306
Avsetningar			1 663
Aets finansieringsbehov	29 517	317 424	148 448
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	19 940	257 355	89 701
Inntekt salg anlegsmidler	2 600	2 600	4 889
Tilskott investeringar	1 077	0	
Kompensasjon merverdiavgift	5 900	54 423	23 407
Mottekne avdrag på utlån og ref.			1 870
Andre inntekter			111
Sum ekstern finansiering	29 517	314 378	119 978
Overført frå driftsrekneskapen			0
Bruk av ubunde inv. Fond			
Bruk av bundne inv. Fond		3 046	1 365
Sum finansiering	29 517	317 424	121 343
Udekka/udisponert	0	0	27 105

Særutskrift til: